




/// Årsrapport

2022

Innhold

1	Innleiing frå kommunedirektøren.....	3
2	Kommunen som verksemd.....	4
2.1	Overordna mål.....	4
2.2	Politisk organisering og aktivitet.....	4
2.3	Administrativ organisering.....	5
2.4	Kommunen som arbeidsgjevar - status.....	6
2.5	Etikk og likestilling.....	11
2.6	Heiltidskultur	11
3	Økonomisk status – 2022.....	12
3.1	Nøkkeltal	12
3.2	Hovudtal driftsrekneskapen (løyvingsskjema 1 - drift)	13
4	Status for drifta - per tenesteområde.....	17
4.1	Administrasjon og innovasjon.....	17
4.2	Oppvekst.....	20
4.3	Helse og omsorg.....	25
4.4	Plan og teknisk.....	33
4.5	Samfunn, kultur og innovasjon	39
5	Pensjon og lønsavsetjing.....	44
6	Kraft	45
7	Interkommunale samarbeid	45
8	Investeringar	48
8.1	Prosjektliste.....	49
9	KOSTRA-tal	60

«Eg tenkjer på kommunen min», av Jon Hjørnevik

Eg tenkjer på kommunen min,
eg tenkjer på deg støtt,
eg har tankar om kommunen min,
der kor eg er født.

Eg tenkjer på kommunen min,
du er min eigen hær,
for kommunen er der alltid,
du er meg alltid nær.

Eg tenkjer på kommunen min,
når livet går i lås,
du gir meg oss vatn i springen,
du hentar skit og bos.

Eg tenkjer på kommunen min,
den fyller opp mitt sinn,
om andre skulle svikta meg,
har eg kommunen min.

Stundom spør folk rundt meg,
kva eg no tenkjer på,
dei stivner litt i maska,
når eg svarar så:

Eg tenkjer på kommunen min,
den reddar titt mitt skinn,
når eg har tenkt for mykje,
har kommunen lagt meg inn.

1 Innleiing frå kommunedirektøren

2022 vart også eit år der me som kommune vart sterkt påverka av internasjonale hendingar. Med eit følgeslør av sjukefråvær, vaksining og andre konsekvensar av ein global pandemi, viste Vladimir Putin nok ein gong sitt sanne ansikt med ein ny invasjon av Ukraina. Utan samanlikning med lidningane i Ukraina, utløyste krigen ei rekkje følgjekonsekvensar for oss som kommune. Kven hadde ved inngangen av året trudd at me skulle tredoble mottaket av flyktningar, gå igjennom kommunen si rolle i totalforsvaret, oppdatere barnehagane og skulane sin atomberedskap og i tillegg handtere ein galopperande prisvekst? Alt dette skjedde i kontrast til den positive trenden med kø av utbygging, oppblomstring av kulturlivet og ein folketalsvekst der me ønska meir enn 100 nye innbyggjarar velkomne til utfordrarbygda.

Dei store internasjonale trendane med klimaendringar, globalisering, urbanisering og digitalisering, blir skildra som den største omstillinga i historia til menneska. Dette stiller store og nye krav. Me må tenkje nytt, me må utfordre og endre måtane me jobbar på. Samfunnsplanen set oss i ein ambisiøs posisjon til å utfordre. Me skal tenke nytt, endre vanar og rutinar, snu oss mot framtidens løysingar og skape nye og betre måtar å levere gode tenester. Dei fleste er samde om analysen, men uttalen til Søren Kierkegaard frå 1800-tallet er framleis gjeldande, då han sa: «alle vil utvikling - ingen vil forandring». For å lukkast er det ein føresetnad at me held fram å utvikle og etablere ein felles kultur som treff intensjonen og måla i samfunnsplanen. Dette er krevjande, for det legg til grunn at vi alle forandrar både oss sjølve, og det rundt oss, for å skape livskvalitet og utviklingskraft i Sogn.

Som kommunedirektør er eg tydeleg på forventingane til leiarane i kommunen. Me må gå fremst i å etterleve kulturen som oppmuntrar og engasjerer alle tilsette i kommunen til å strekke seg mot visjonen og jobbe med strategiane som skapar grunnlaget for livskvalitet og utviklingskraft. Me skal ha ein kultur der me er framoverlente og saman skapar den ønskta utviklinga. Utan dei tilsette til å vise vegen, kan sjølv ikkje den beste strategien realisere våre ambisjonar. Kulturen blir skapt gjennom det vi gjer, måten vi er saman på, og ikkje minst i våre samtalar. Det betyr ikkje at vi må gjere alt likt – usemje og mangfald er med å skape energi. Me skal verdsette den enkelte si evne til å tenke nytt. Me må oppmuntre til og omfamne at dei tilsette utfordrar det eksisterande for å gjere ting litt betre. Me må ønskje utfordringar velkommen! Arbeidet med kulturen som byggjer opp under samfunnsplanen passar hand i hanske med arbeidet med tillitsreforma – begge deler tok fart i 2022.

Ein kommune er samansett og kompleks – og ting skal gjerast rett. Den enkelte tilsett er ansvarleg for å etterleve mange reglar, rutinar, lover og kontrollinstansar. Men skal me lukkast med å vere utfordrarbygda, må me gjere meir enn dette. Me skal ikkje berre gjere tinga rett, me skal også gjere dei rette tinga.

Grunnlaget for å kunne gjere dei rette tinga kjem ofte gjennom å vere nysgjerrig på andre sine innspel og perspektiv. Me er avhengige av samspelet med innbyggjarane, som er ei viktig kjelde til dette. I 2022 tok me i bruk enno meir innbyggjardialog. Gjennom å invitere inn innbyggjarane til å kome med innspel til å kvalifisere sakene før dei er ferdige, utfordrar me dei tradisjonelle måtane å jobbe på. Det er krevjande å bli utfordra på det ein har jobba med, men eg er ikkje i tvil om at kvaliteten på alt frå politiske saker til tenester vert betre av at me tørr å vere samskapande, opne og nysgjerrige!

Det er kjekt å få tilbakemeldingar frå innbyggjarar om dyktige tilsette og at ein opplever å møte gode tenester. Det vart òg i 2022 lagt eit godt grunnlag for at kommunen også i åra framover skal vere kommunen med utfordrarbygdene.

Ein vert aldri god åleine.

2 Kommunen som verksemd

2.1 Overordna mål


Kommunen sine tre overordna mål er vedtekne i samfunnplanen for periode 2021-2030: **livskvalitet, skaparkraft og miljømedvit**. Alt me gjer, og alt me satsar på skal vere i samsvar med desse overordna måla.

Vidare tek samfunnsplanen ein posisjon: Me skal vere **utfordrarbygda**. Det speglar levande og livskraftig lokalsamfunn i heile kommunen, men betyr òg at kommunen sjølv skal tørre å utfordre. Det gjeld eigen praksis, dei rundt oss og overordna styresmakter. Utfordrarbygda skal bruke verdiane til å utfordre oss sjølv og andre på å vere samskapande, open, god og nysgjerrig. Uavhengig av sektor, teneste og arbeidsstad.

Det er dei fem satsingsområda som skal gje overordna retning. **Best på oppvekst, skapt for aktiv livsstil, kompetansemiljø i eliteserien, fruktbare tettstadar og utviklingslokomotiv i Sogn** er alle tydelege på retning, og vidfemnande nok til å kunne gje retning for alt me gjer. Mesteparten av samfunnsplanen seier noko om korleis me skal jobbe, og har såleis ikkje konkrete økonomiske konsekvensar – det skal løysast i kvardagen i tenestene. Sektorane si oppfølging av overordna mål og satsingar i kommuneplanen er omtala i kap. 4 under kvart sektorområde.

2.2 Politisk organisering og aktivitet

Kommunestyret i Sogndal har 37 medlemmer og er organisert etter formannskapsmodellen.



Føremålet med den politiske organiseringa er å sikre at Sogndal kommune har eit ope og styringsdyktig lokaldemokrati, med føreseielege og inkluderande politiske


prosessar. Det skal vere brei deltaking i politiske prosessar, der innbyggjarane vert informerte og høyrde. Folk i alle aldersgrupper og frå ulike miljø i heile kommunen skal ha innverknad på samfunnsutviklinga. Kommunestyret har i 2022 hatt 7 møter, og handsama 69 saker. Gjennom året har kommunestyret mellom anna handsama saker som mellombels barnehage på Kaupanger, intensjonsavtalar for utbygging, Agenda Kaupang sin rapport om helse og omsorg, kulturstrategi for 2023-2025, strategi for samfunnsutvikling og frivilligheit, og politisk organisering for 2023-2027.

Andre saker som har vore handsama er budsjett og økonomiplan, rekneskap, planstrategi, ulike høyringsuttalar, forskrifter, interkommunale avtalar og selskapsavtalar.



2.3 Administrativ organisering

Sogndal kommune er organisert i fire sektorar samt to støttetenester, jf. organisasjonskart:



Sogndal kommune tok i bruk ny organisering frå 1. september 2022. Då vart alle kommunen sine felles administrative funksjonar samla i stabsfunksjonar, skilt mellom HR og økonomi, under kommunedirektøren. Struktur i budsjettet 2022 følgjer likevel

gamal organisering. Kvar sektor vert leia av kommunalsjef, jf. organisasjonskart over. Alle kommunalsjefane har eit heilskapleg, tverrgående, strategisk og framtidsretta ansvar for leiinga av Sogndal kommune. Til rolla ligg i tillegg eit særleg ansvar for definerte fagområde.

2.4 Kommunen som arbeidsgjevar - status

Sogndal kommune er ein stor arbeidsgjevar med kunnskapsbaserte medarbeidarar på alle nivå og einingar. Kommunen brukar tid og ressursar på at kvar enkelt medarbeidar skal ha gode føresetnader, gode verktøy og rammeverk til å utføre jobben sin og tenestene våre på ein best mogleg måte. Rekruttering er noko av det viktigaste for kommunen i åra som kjem. Me er, og skal vere, ein attraktiv arbeidsgjevar der tilsette får høve til å jobbe med fag og under tillit.

Bemanningssituasjonen og utfordringane som kommunen står ovanfor i åra som kjem vil truleg krevje anna innretning av arbeidsmåtar og oppgåver enn det me har i dag.

Me ser at det blir stilt store krav og forventningar til digitale løysingar, effektiv drift og nye måtar å drifte tenestene på framover. Som ein attraktiv arbeidsgjevar jobbar me kontinuerleg med å tilpasse oss dette.

Tal årsverk, tilsette, kjønnsfordeling og gjennomsnittsalder

Sogndal kommune hadde per 31.12.22 1293 tilsette fordelt på 1070 årsverk, mot 1344 tilsette fordelt på 1093 årsverk i 2021. Helse og omsorg og oppvekst er dei to største sektorane med over 400 årsverk i kvar sektor. Snittalderen for tilsette i organisasjonen er 45 år. Gjennomsnittsalderen per 2022 er høgare enn 2021. Ingen sektorar har snittalder over 50 år.


Det er nedgang i tal tilsette og årsverk frå 2021 til 2022. Det er ein nedgang knytt til både faste og mellombelse stillingar. Inkludert i den samla nedgangen er det også noko nedgang i tal lærlingar frå 2021 til 2022. I tala ligg også nokre mellombelse tilsetjingar knytt til pandemihandtering (t.d. vaksinasjonsteam), som vart mellombels tilsett i 2021.

	Årsverk	Tilsette	Tal kvinner	Tal menn	Snittalder
Administrasjon og innovasjon	46	47	31	16	49 år
Helse og omsorg	424	569	482	87	43 år
Oppvekst	451	501	398	103	42 år
Plan og samfunn	149	176	87	89	47 år
Sum	1070	1293	998	295	45 år

Den korte definisjonen av turnover er den delen av tilsette som sluttar frå eitt år til eit anna. På KS.no kan ein lese meir om turnover i kommunesektoren spesifisert på stillingsgrupper, der tala er henta frå PAI-statistikken og har med både fast- og timelønna, faste og mellombelse tilsette samt heiltid- og deltidstilsette.¹ Nasjonalt er

¹ I KS-statistikken held ein utanfor tilfeldig timelønna, tilsette på pensjonistvilkår og alle vikarar. På [Turnover i kommunar og fylkeskommunar - KS](#) kan ein lese om turnover i kommunesektoren spesifisert på stillingsgrupper.

turnover for både fylkeskommunar og kommunar 13,6 %. Dette er ein auke frå året før. I Sogndal er den litt høgare, men her spelar kommunesamanslåing framleis ei rolle, samt at me har hatt ein del tilsette som har gått av med pensjon ila. 2022. Utover dette er kommunen på ganske samanliknbart nivå som resten av landet.



Sjukefråvær

I sjukefråværsstatistikken er det teke med eigenmeldt sjukefråvær og legemeldt sjukefråvær. Fråvær grunna barn sin sjukdom og permisjonar er ikkje med i denne statistikken. Tabellen under viser sjukefråvær i prosent for Sogndal kommune per kvartal og for heile 2022. Sjukefråværet har auka i 2022 samanlikna med 2021, der særskilt sjukefråvær i første og delvis andre kvartal er med på å forklare denne auken. Den største auken finn ein i sektor administrasjon der det har vore særskilt med sjukefråvær i 2022 samanlikna med tidlegare.

Sjukefråvær 2022	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Samla 2022
Administrasjon og innovasjon	7,8	6,6	5,9	8,8	7,3
Oppvekst	11,2	7,0	4,5	8,0	7,6
Helse/Omsorg	12,7	11,5	8,5	9,0	10,4
Plan/Samfunn	8,5	5,2	5,2	5,9	6,2

For landet samla var legemeldt sjukefråvær for kommunane i 2022 7,7 % (Kjelde: SSB via KS). Dette er ein auke frå 6,4 % i 2021. Samla sett ligg me nesten likt med det nasjonale snittet. Ser ein på detaljar for dei ulike sektorane er det ganske samanliknbart med nasjonale tal. Særskilt i første kvartal, delvis i andre har det også vore ein del koronarelatert fråvær i 2022.

Denne tabellen viser fordeling korttidsfråvær og langtidsfråvær totalt i kommunen:

Type frávær	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Samla
Frávær 1-16 dagar	4,0	1,8	1,7	2,0	2,3
Frávær over 17 dagar	7,0	6,7	4,5	6,1	6,1
Sum	11,0	8,5	6,2	8,1	8,4

Førebygging og oppfølging av sjukefrávær

Sogndal kommune hadde tidlegare sponsa treningskort ved idrettssenter i alle delar av kommunen som eit ledd i førebygging. Denne ordninga vart etter drøfting avvikla i 2022. No har kommunen ulike gratis treningstilbod til alle tilsette i dei ulike bygdene. Treningstilbodet er variert og til ulike tider, slik at det skal vere mogleg å gå på trening uavhengig av arbeidsplan. Dette tilbodet er arrangert og vedlikehalde av frisklivssentralen.

Forutan dette jobbar einingane aktivt med oppfølging av sjukemelde. Som del av oppfølginga skal det lagast ein oppfølgingsplan innan 4 veker, og det skal vere dialogmøte med arbeidstakar innan 7 veker. Tilrettelegging og eventuelt samarbeid med NAV/lege/bedriftshelseteneste skal vere tema og takast i bruk ved behov.

I kvardagen jobbar me kontinuerleg med å førebyggje frávær. Me har synlege leiarar som har tett dialog med kvar tilsett, tilsette får gjera jobben sin under tillitsleiing med eigarskap og ansvar, og me gjer individuelle vurderingar og følgjer opp dei tilsette etter behov.

Uføregrad

Tabellen viser at Sogndal kommune ligg godt under snittet for kommunane i Vestland og området i Kommunal landspensjonskasse (KLP) samla, når det gjeld uføredel. Kommunen har 96 personar med ein uføregrad i KLP, der av 50 personar som har 100 % uføregrad. 8 personar har ein uføregrad i statens pensjonskasse (SPK)

Kommunar og bedrifter	Uføredel
Sogndal kommune	5,71
Vestland	8,26
KLP - samla	10,39

Sjukepleiarar	Uføredel
Sogndal kommune	6,38
Vestland	9,22
KLP -samla	8,66

Arbeidsmiljøutvalet og administrasjonsutvalet

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Sogndal kommune har 6 medlemmar, der 3 representerer arbeidstakar (HVO) og 3 representerer arbeidsgjevar. Arbeidsmiljøutvalet hadde 4 møte i 2022.

Saker:

- Internkontroll
- Avvik (rapport lagt fram på kvart møte)

- Sjukefråværsstatistikk (rapport lagt fram på kvart møte)
- Nytt administrasjonslokale – Saften
- Nytt administrasjonslokale – Holmatunet
- KS – debattheft
- Bemanningssentralen
- Agenda Kaupang rapport
- Rapport etter lysmåling Leikanger sjukeheim
- Ny organisering
- Klesgodtgjersle
- Nytt verneområde Bu- og miljøtenesta Balestrand
- Godkjenning av HMT plan
- Tilbygg Notsete barnehage
- Mandat – revidering av reglement
- Godkjenning av nytt skjema for vernerunder (uteområde)

Administrasjonsutvalet i Sogndal kommune er sett saman av 5 personar, 3 av dei politikarar og 2 hovudtillitsvalde. Administrasjonsutvalet hadde 4 møte i 2022.

Saker:

- KS debattheft
- Læringar – status
- Retningslinjer for tildeling og bruk av mobiltelefon
- Sjukefråvær
- Korleis får me eit godt trepartssamarbeid
- Revisjon: Retningslinjer for varslings- og arbeidstidsreglement

Medverknad mellom tillitsvalde, vernetenesta og leiing

Det var frikjøpt ei 100 prosent stilling som hovudverneombod (HVO) i 2022. Hovudtillitsvalde (HTV) har frikjøpt tid etter drøftingar i samsvar med reglane i hovudavtalen for 2022. Det er ulik grad av frikjøp for dei ulike organisasjonane. Samhandlingsdokumentet for medverknad vart revidert i 2022 for å sikre at dette treff alle sektorar. Dokumentet skal vere ein rettleiar som fungerer for vernetenesta, tillitsvalde og leiarar med personalansvar. Kommunedirektøren har hatt faste møte mellom kommunedirektør og HTV/HVO i 2022, samt at det er faste møte både på sektor- og einingsnivå i tillegg.

HMT – Internkontroll – Kvalitetssystem

Det er i 2022 vedteke ein eigen plan for Helse- miljø og tryggleik med hovudmål og delmål for arbeidet.

Sogndal kommune har avtale med bedriftshelsetenesta Avonova og det skal utarbeidast ein eigen årleg handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta (BHT). Denne er utarbeida for kvar sektor for 2022. I løpet av 2022 er det gjennomført obligatorisk arbeidsmiljøkurs/HMS- kurs for einingsleiarar og verneombod. Det er gjennomført vernerundar ved dei einskilde områda. Vernerunden er ei årleg vurdering av det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet på arbeidsstaden.

TQM Enterprise er Sogndal kommune sitt kvalitetssystem. Dette er eit dokument- og avvikssystem. Systemet inneheld modular for avvikshandtering, risikostyring og

rutinebibliotek. Her vert alle skriftlege prosedyrar, rutinar og retningslinjer lagde inn og tilpassa dei ulike einingane og organisasjonsstrukturen. I tillegg har ein på plass alle retningslinjer og reglement via intranettet, og både tilgang til kvalitetssystem og snarveg for å melde avvik finn ein også her.

Det har vore gjort ein del endringar i kvalitetssystemet i 2022 for å sikre at det er mest mogleg automatisert og at det er tilpassa ny organisering. Alle sektorane er involverte i utviklinga i systemet og bruken har gjennom 2022 auka kraftig.

- Dokumentmengda har auka med over 60 % i 2022.
- Brukarhandteringa er automatisert og alle tilsette har tilgang til alle dokument
- Avviksmengda har auka med over 100 % sidan 2021

Sektor helse og omsorg er dei som er komne lengst i kvalitetsarbeidet. Det er den sektoren som har flest avvik gjennom 2022.

Kompetanseheving

Det vart mot slutten av året starta på eit arbeid med å sjå på overordna kompetanseplanar. Dette heng også sterkt saman med prosjekt bemanningssentral, som skal jobbe med ein kontinuerleg base med vikarar som kan dekke ulike behov i organisasjonen ved fråvær. Det har også i 2022 vore satsa sterkt på å utvikle og innføre felles digitale verktøy for heile kommunen og gjennomføring av internopplæring i nye kommunale system. Det har vorte utarbeidd eller revidert fleire overordna retningslinjer og rutinar.

Tenesteleiarane opplyser at det er føreteke kompetanseheving innanfor fylgjande område:

- Internopplæring i bruk av digitale verktøy og ulike fagsystem (eks. Visma – digital fråværsmelding, ferieregistrering, reiserekningar, personal-/lønsmeldingar, Visma Flyt skule, Visma Flyt barnehage, Microsoft 365)
- Internopplæring i god sakshandsaming
- Opplæring gjennom fagsamlingar og kurs/webinar med fagleg innhald

Døme på kompetanseheving ved skulane er vidareutdanning i norsk, matematikk, master i pedagogikk, IKT, rektorutdanning, spesialpedagogikk og lærarspesialist. Døme på kompetanse i helse- og omsorgssektoren er fagbrev som helsefagarbeidar, starta vidareutdanning innan psykisk helsearbeid, oppstart av desentralisert sjukepleieutdanning, palliativ pleie, velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering.

Lærlingar

Sogndal kommune er tilslutta Sogn opplæringskontor, som er eit tverrfagleg opplæringskontor. Sogndal kommune har vore ein pådrivar og føregangskommune for å auke tal lærlingar. Gjennom Sogn regionråd er det inngått partnerskapsavtale med NHO, LO og fylkeskommunen for fleire læreplassar i Sogn. Gjennom avtalen er det sett mål om 2,5 lærling per tusen innbyggjar.

Sogndal kommune har ved utgangen av 2022 26 lærlingar, der ein av desse er lærekandidat. Det vart starta 16 nye kontraktar i 2022. Kommunen har flest lærlingar i helsearbeidarfaget (13) og barne- og ungdomsarbeidarfaget (8). I tillegg har kommunen to lærlingar i faget dataelektronikar, ein i faget institusjonskokk og to i

faget kontor- og administrasjon. Med dette har Sogndal kommune 2,1 lærlingar per tusen innbyggjar ved årets utgang. Det vart starta fleire nye kontraktar i 2022 enn i 2021, men grunna at fleira av dei som var i slutfasen av læretida fullførte denne, vart der eit "gap" opp mot måлтаlet for tal lærlingar dette året.

2.5 Etikk og likestilling

	Kommunalsjef		Tenesteleiarar		Avdelingsleiarar		SUM
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	
Administrasjon	2				1		3
Helse og omsorg	1		6	2	15		24
Oppvekst		1	18	6	2	1	28
Plan og samfunn	1	1	1	8	5	6	22
Sum	4	2	26	16	23	7	77

I organisasjonen samla er det overvekt av kvinner. Særleg hjå tenesteleiarar og avdelingsleiarar er det overvekt av kvinner, og særleg i helse og omsorg og i barnehagar er det overvekt av kvinner.

Ut ifrå eit likestillingsperspektiv hadde det vore ønskjeleg med fleire mannlege tilsette. I tilsettingsannonsar presiserer me følgjande: «Me ønskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald, og at våre tilsette skal spegla folkesetnaden elles. Me oppfordrar alle som er kvalifiserte, til å søkja jobb hos oss uansett alder, funksjonsevne, kjønn eller minoritetsbakgrunn. Me legg vekt på å leggja til rette arbeidsforholda dersom du har behov for det».

I tillegg har kommunen gjennom partnerskapsavtale med NAV forplikta seg til å tilsette personar som av ulike grunnar elles har vanskar med å komme seg inn i den ordinære arbeidsmarknaden. Gjennom 2022 har fleire vore tilsett gjennom denne avtalen. Dette er eit pågåande arbeid som også vil vere med på å ivareta aktivitetssplikta kommunen har etter likestillings- og diskrimineringslova. Arbeidet med heiltidskultur vil også bidra til å ivareta krava i same lov.

Kommunedirektøren har ikkje fått inn saker som omfattar brot på likestillings- og diskrimineringslova.

2.6 Heiltidskultur

I Sogndal kommune har me merksemd på korleis me skal jobbe med og utvikle ein heiltidskultur. Ifølgje KS er det i mange kommunar ufrivillig deltid som har hatt størst merksemd. Heiltidskultur vert kopla til eit frivilligheitsprinsipp som handlar om å kunne gje tilsette den stillingsstorleiken dei sjølve ønskjer. Dette sjølv om det ikkje nødvendigvis vil medføre at fleire jobbar meir. Mange ønskjer redusert arbeidstid og/eller har motvilje mot å arbeide fleire helgar og ubekvemsvakter.

Heiltidskultur er meir enn uønskt deltid. For å nå mål om likeverdige og gode tenester er det sentralt å sjå heiltidskultur i eit kvalitets- og brukarperspektiv. Ifølgje KS har forskning og evalueringar dei seinare åra gjeve kunnskap om positive effektar av å arbeide for ein heiltidskultur, både ut ifrå arbeidsgjevar, arbeidstakar og brukar sin ståstad. Ein av konklusjonane er at verksemdar som satsar på heiltidskultur, har

lettare for å trekkje til seg kompetent arbeidskraft, samt å behalde den. Heiltid gjer det lettare å utvikle gode fagmiljø og å tilby tenester av god kvalitet.

Det er eit mål for Sogndal kommune å tilsette flest mogleg i heile stillingar. Det er ikkje negativ trend for heiltidskulturen i Sogndal, men det er heller ikkje særskilt auke i tal heile stillingar. Arbeid med ulike turnusordningar innan helse vil kunne betre talet heile stillingar på sikt.

Prosjekt om bemanningssentral skal i tillegg bidra til å arbeide enda betre for å oppnå så stor grad av heiltid som mogleg. Ved bruk av ein bemanningssentral er det m.a. mogleg å fordele ekstravakter på færre og faglærde personar for å oppnå både meir robuste tenester med fleire heiltidsstillingar.

3 Økonomisk status – 2022

3.1 Nøkkeltal

Sogndal kommune oppfyller to av tre økonomiske måltal i 2022. Mål for gjeld og disposisjonsfond er oppfylt medan mål for netto driftsresultat ikkje er oppfylt. Å redusere kostnadsnivået for drifta og lukkast med det planlagde innsparingskravet er svært viktig for å oppfylle måltal for netto driftsresultat kommande år.

Måltal - relativt til brutto driftsinntekter	Resultat 2022	Måltal 2022
Netto driftsresultat	-0,11 %	Meir enn 1,75%
Disposisjonsfond	10,46 %	Meir enn 10%
Langsiktig gjeld, inkl. formidlingslån	79,75 %	Mindre enn 85%
Langsiktig gjeld eks. formidlingslån	68,50 %	

Rekneskapen syner eit netto driftsresultat på -1,6 mill. kr i 2022. Resultatet er negativt, men nesten 30 mill. kr betre enn budsjettert netto driftsresultat. Resultatet er på -0,1% av brutto driftsinntekter og er dermed lågare enn måltalet på 1,75 % eller meir. Hovudårsaka til dette resultatet er at generelle driftsinntekter vart 22 mill. kr høgare enn budsjettert. Her er det særleg auke i rammetilskot inkl. ekstra tilskot knytt til koronautgifter som bidreg.

Kroner	31.12.2021	31.12.2022	Endring
Brutto driftsinntekter	1 364 017 760	1 429 211 660	65 193 900
Netto driftsresultat	51 929 099	-1 607 492	-53 536 591
Disposisjonsfond	156 593 784	149 522 323	-7 071 461
Bundne driftsfond	74 691 454	76 375 535	1 684 081
Langsiktig gjeld, samla	1 125 780 927	1 139 756 521	13 975 594
Langsiktig gjeld, investeringslån	1 015 923 329	979 061 704	-36 861 625
Langsiktig gjeld, formidlingslån	109 857 598	160 694 817	50 837 219

På disposisjonsfond står det per 31.12.2022 150 mill. kr., noko som er ein reduksjon på 7 mill. kr samanlikna med førre år. Disposisjonsfond utgjer 10,5 % av brutto driftsinntekter og størrelsen oppfyller vedteke måltal. Disposisjonsfond består av fleire fond, inkl. fond der bruken er bunde av kommunestyrevedtak. Flyktningfonda

utgjør 12,7 mill. kr. og parkeringsfondet utgjør 28,2 mill. kr. Disse fonda auka med 10,6 mill. kroner i 2022 medan hovuddisposisjonsfondet vart redusert med 17,7 mill. kroner.

Langsiktig gjeld inkl. formidlingslån er på 1140 mill. kroner. Av dette utgjør investeringslån 979 mill. kr. medan formidlingslån utgjør 161 mill. kr. Langsiktig gjeld knytt til investeringar vart redusert med 37 mill. kroner, medan gjeld knytt til formidlingslån auka med 51 mill. kroner. Langsiktig gjeld inkl. formidlingslån utgjør 80 % av brutto driftsinntekter, noko som er i tråd med vedteke måltal. Gjelda som del av brutto driftsinntekter er redusert med 2,5 %-poeng for samla gjeld og 6 %-poeng for investeringslåna. Fleire faktorar bidrag til dette, det var eit relativt lågt låneopptak i utgangspunktet for 2022, vekst i brutto driftsinntekter. Vidare vart fleire prosjekt utsett i 2022 og låneopptaket vart difor redusert i revidert budsjett.

3.2 Hovudtal driftsrekneskapen (løyvingsskjema 1 - drift)

3.2.1 Innleiing

I 2022 hadde kommunen 983 mill. kr i generelle inntekter, 22 mill. kr høgare enn budsjettet. Utgiftene frå sektorane vart 7 mill. kr. lågare enn budsjettet og netto finansutgifter 1 mill. kr lågare enn budsjettet. Dette medførte eit netto driftsresultat som vart 30 mill. kroner betre enn i revidert budsjett. Netto driftsresultat vart på -1,6 mill. kr. Som følge av at resultatet vart betre enn budsjettet vart også bruk av disposisjonsfond lågare enn budsjettet. Dette er nærmare omtalt i kap. 3.2.6. Sum frå løyvingsskjema 2 (sektorspesifikke inntekter og utgifter) er omtalt i kap. 4.

Løyvingsskjema 1	Opphavelig budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2022	Avvik
Rammetilskot	-436 063 000	-423 507 000	-456 322 545	-32 815 545
Inntekts- og formueskatt	-350 675 000	-389 314 000	-387 096 584	2 217 416
Eigedomsskatt	-70 338 000	-72 438 000	-72 434 862	3 139
Andre generelle driftsinntekter	-63 155 400	-75 714 400	-66 708 924	9 005 476
Sum generelle driftsinntekter	-920 231 400	-960 973 400	-982 562 915	-21 589 515
Sum frå løyvingsskjema 2, netto	877 496 625	941 537 619	934 310 506	-7 227 113
Avskrivningar	70 390 000	71 623 000	71 622 556	-444
Sum netto driftsutgifter	947 886 625	1 013 160 619	1 005 933 062	-7 227 557
Brutto driftsresultat	27 655 225	52 187 219	23 370 147	-28 817 072
Renteinntekter	-4 041 600	-6 791 600	-8 439 085	-1 647 485
Utbyte	-10 800 000	-9 550 000	-9 544 679	5 321
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-3 500 000	0	-867 462	-867 462
Renteutgifter	19 808 000	22 908 000	24 467 399	1 559 399
Avdrag på lån	44 274 000	44 274 000	44 243 729	-30 271
Netto finansutgifter	45 740 400	50 840 400	49 859 901	-980 499

Løyvingsskjema 1	Opphavelg budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2022	Avvik
Motpost avskrivningar	-70 390 000	-71 623 000	-71 622 556	444
Netto driftsresultat	3 005 625	31 404 619	1 607 492	-29 797 127

3.2.2 Rammetilskot, inntekts- og formuesskatt

Inntektene frå rammetilskot og skatt utgjør majoriteten av kommunen sine inntekter jf. tabell over. Samla vart desse 843 mill. kroner i 2022, noko som var 31 mill. kroner høgare enn budsjettert. Meirinntekta er knytt til 11 mill. kroner i ekstra koronamidlar og 20 mill. kroner høgare inntekt frå inntektsutjamning. Auka inntektsutjamning skuldast at det på nasjonalt nivå vart høgare skatteinntekter enn anslått. Auke i utbyte i 2021 bidrog til dette, i både 2021 og 2022. Dette var ei ekstraordinær auke og ikkje noko ein kan forvente i 2023. Utan meirinntekta på 20 mill. kr frå inntektsutjamning hadde måltalet for netto driftsresultat vore 1,4 %-poeng lågare.

3.2.3 Eigedomsskatt

Inntekter frå eigedomsskatt vart på 72 mill. kroner. Dette i tråd med budsjettert inntekt.

Eigedomsskatt	Opphavelg budsjett	Rev budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Eigedomsskatt energianlegg	-28 424 000	-30 524 000	-30 610 062	-86 062	0 %
Eigedomsskatt næring	-13 404 000	-13 404 000	-13 309 735	94 265	-1 %
Eigedomsskatt fast eigedom	-28 510 000	-28 510 000	-28 515 065	-5 065	0 %
Sum	-70 338 000	-72 438 000	-72 434 862	3 138	0 %

3.2.4 Andre generelle driftsinntekter

Inntekter knytt til konsesjonsavgift, naturressursskatt og vertskommunetilskot vart alle tett på vedteke budsjett. Statstilskot flyktningar og statstilskot til einslege mindreårige vart 9,3 mill. kr. lågare enn budsjettert. I budsjettet vart det lagt til grunn ei busetting på 140 personar, tilsvarende tilrådinga frå IMDI. Faktisk busetting i 2022 var 98 personar. Rentekompensasjon og investeringstilskot vart 0,35 mill. kroner høgare enn budsjettert grunna auka rente og dermed høgare rentekompensasjon.

Andre generelle driftsinntekter	Opphavelg budsjett	Rev budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Konsesjonsavgift	-2 492 000	-2 492 000	-2 423 389	68 611	-3 %
Inv. tilskot sjukeheimar og omsorgsbustad	-3 062 900	-3 062 900	-3 225 462	-162 562	5 %
Rentekompensasjon skule og kyrkjebygg	-89 500	-89 500	-277 098	-187 598	210 %
Vertskommunetilskot HVPU	-21 170 000	-18 100 000	-18 103 500	-3 500	0 %
Statstilskot flyktningar	-24 671 000	-40 000 000	-34 026 044	5 973 956	-15 %
Overføring av spelemidlar	0	-300 000	-300 000	0	0 %
Statstilskot einslege mindreårige	-5 841 000	-5 841 000	-2 528 000	3 313 000	-57 %

Andre generelle driftsinntekter	Opphavelig budsjett	Rev budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Naturressursskatt	-5 829 000	-5 829 000	-5 855 433	-26 433	0 %
Utlån	0	0	30 001	30 001	-
Sum	-63 155 400	-75 714 400	-66 708 925	9 005 475	-12 %

3.2.5 Finansutgifter – renter, avdrag, aksjeutbyte og finans-avkastning

Rentenivået auka mykje i 2022 og til trass for budsjettrevidering vart inntektene høgare enn budsjettert. Samla vart renteinntektene 1,6 mill. kroner høgare enn budsjettert. Om lag 0,5 mill. kroner av dette er knytt til renteinntekter av fond som skal avsetjast. Renteinntektene knytt til bankinnskott vart 0,4 mill. kroner høgare enn budsjettert. Samstundes vart også renteutgiftene høgare enn budsjettert, av same årsak. Renteutgiftene knytt investeringslån vart 1,4 mill. kroner høgare enn budsjettert.

Aksjeutbyte vart 9,5 mill. kroner og i tråd med budsjett. Avkastning på finansielle omløpsmiddel vart 0,9 mill. kroner. Avkastninga vart justert ned i andre tertialrapport basert på resultatata som då låg føre. Siste to månader av 2022 vart avkastninga betre enn anslått og resultatet vart difor ei meirinntekt. Dette er nærmare omtalt i finans- og gjeldsrapporten.

Avdrag på lån er tett på budsjett og krav til betaling av minimumsavdrag er oppfylt.

Netto finansutgifter	Opphavelig budsjett	Rev budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Renteinntekter startlån	-1 436 500	-1 436 500	-1 717 393	-280 893	20 %
Renteinntekter andre utlån	-340 000	-520 000	-1 051 722	-531 722	102 %
Renteinntekter, bankinnskott	-1 500 000	-4 500 000	-4 882 565	-382 565	9 %
Renteinntekter av fond som skal avsetjast	-250 000	-250 000	-762 277	-512 277	205 %
Renteinntekter annet og morarenter	-515 100	-85 100	-25 129	59 971	-70 %
Aksjeutbyte SF Holding	-4 800 000	-3 100 000	-3 154 442	-54 442	2 %
Aksjeutbyte Sognekraft	-6 000 000	-6 450 000	-6 390 237	59 763	-1 %
Avkastning på finansielle omløpsmiddel	-3 500 000	0	-867 462	-867 462	-
Renteutgifter startlån	1 436 500	1 436 500	1 631 258	194 758	14 %
Renteutgifter andre lån	18 371 500	21 471 500	22 836 998	1 365 498	6 %
Renteutgifter, annet			-858	-858	-
Avdrag på lån	44 274 000	44 274 000	44 243 729	-30 271	0 %
Sum	45 740 400	50 840 400	49 859 900	-980 500	-2 %

3.2.6 Disponering eller dekking av netto driftsresultat

Tabellen nedanfor syner korleis det negative netto driftsresultatet på 1,6 mill. kr. er dekkja inn. I hovudsak så er det bruk og avsetting til disposisjonsfond som vert korrigert for å gjere den endelege salderinga slik at rekneskapen kjem i balanse. Overføring til investering, bruk og avsetting til bundne fond og disposisjonsfond er omtala etter tabellen. Merk at oversikt over saldo på ulike fond ligg i rekneskap 2022 kap. 5 og 6. Oversikta er ikkje gjenteke i årsrapporten.

Disponering eller dekking av netto driftsresultat	Opphavelag budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2022	Avvik	Avvik i %
Overføring til investering	2 880 000	2 880 000	3 780 000	900 000	31 %
Avsetjing til bundne driftsfond	4 080 698	5 030 698	13 509 484	8 478 786	169 %
Bruk av bundne driftsfond	-8 037 546	-8 934 340	-11 825 515	-2 891 175	32 %
* Herav frå Løyvingsskjema 2	-4 883 848	-4 830 642	198 304	5 028 946	-104 %
Avsetjing til disposisjonsfond	33 590 777	58 222 577	50 725 452	-7 497 125	-13 %
Bruk av disposisjonsfond	-35 519 554	-88 603 554	-57 796 913	30 806 641	-35 %
* Herav frå Løyvingsskjema 2	-28 786 784	-54 510 784	-36 257 770	18 253 014	-33 %
Dekking av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	-
Sum disponeringar eller dekking av netto driftsresultat	-3 005 625	-31 404 619	-1 607 492	29 797 127	-95 %

Overføring til investering

Budsjettert overføring til investering var knytt til kostnad for eigenkapitalinnskot til KLP og vart på 2,9 mill. kr. og i tråd med budsjett. I tillegg vart det etter delegert mynde overført 0,9 mill. kroner øyremerka trivselstiltak i Sogndal sentrum. Rekneskapen 2022 syner ei samla overføring frå drift til investering på 3,8 mill. kroner.

Bundne fond

Avsetjing knytt til bundne fond vart 8 mill. kroner høgare enn budsjettert og bruken av bundne fond 3 mill. kroner høgare enn budsjettert.

Avvik knytt til avsetting til bundne fond:

- Avsetting av overskot og renter til sjølvkostfond vart om lag 2,4 mill. kroner, 1,4 mill. kr over budsjett.
- 2,5 mill. kr gjeld avsetting av overskot og renter til Sogn regionråd sine fond. Dette er 1,5 mill. kr over budsjett.
- Renter på fond, som er knytt til interkommunale samarbeid der Sogndal kommune er vertskommune, utgjer 1,1 mill. kr.
- Øyremerka tilskot og prosjektmidlar på 4 mill. kr er avsett til bundne fond, og skal nyttast i 2023. Denne avsettinga var ikkje budsjettert.

Avvik knytt til bruk av bundne fond:

- Bruk av sjølvkostfond er om lag 2 mill. kr lågare enn budsjettert.
- Kompensasjonsordning for næringslivet (koronamidlar) utgjorde 2,3 mill. kr
- Tilskot til bustadtilpassing utgjorde 1,7 mill. kr.
- Bruk av øyremerka tilskot og prosjektmidlar avsett i 2021 var om lag 1 mill. kr over budsjett.

Disposisjonsfond

Bruk av disposisjonsfond vart samla sett 30,8 mill. kr. mindre enn budsjett og avsetning til disposisjonsfond vart 7,5 mill. kr mindre enn budsjett.

På tenesteområda (løyvingsskjema 2) var det budsjettert med netto bruk av disposisjonsfond på 54,5 mill. kr. Rekneskapen 2022 syner netto bruk på 36,2 mill. kr. Dette er 18,2 mill. kr mindre enn budsjettert. Mindreforbruket skuldast i hovudsak lågare utgifter til flyktingtenesta, slik at bruk av fond vart om lag 13,4 mill. kr lågare enn revidert budsjett. I tillegg vart avsetning til parkeringsfond 4,8 mill. kr. over budsjett.

4 Status for drifta - per tenesteområde

Tabellen nedanfor syner at sektorområda hadde eit samla meirforbruk på 17 mill. kr. i 2022. Meirforbruket er dekkja av sentrale inntekter. Vesentlege budsjettavvik på tenesteområda er kommentert sektorvis etter tabellen.

	Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Sum drift	843 825 993	882 196 193	899 151 037	16 954 844	2 %
Administrasjon	57 184 671	60 724 571	60 284 933	-439 638	-1 %
Oppvekst	312 346 179	329 836 279	335 537 565	5 701 286	2 %
Helse og omsorg	314 121 265	346 394 365	365 633 673	19 239 308	6 %
Plan og teknisk	80 819 880	89 946 980	90 613 569	666 589	1 %
Samfunn, næring og kultur	57 029 600	55 573 600	51 872 939	-3 700 661	-7 %
Pensjon og lønnsavsetjing	29 034 398	17 150 398	14 641 069	-2 509 329	-15 %
Kraftinntekter	-6 710 000	-17 430 000	-19 432 711	-2 002 711	11 %

4.1 Administrasjon og innovasjon

4.1.1 Kort om sektoren

Administrasjon og innovasjon omfattar kommunedirektørområdet og stab/støtte. Lærlingane er plassert under kommunedirektørområdet. Stabs- og støttefunksjonane omfattar HR, arkiv, økonomi, politisk sekretariat, samt diverse fellestenester som m.a. juridisk støtte. Administrasjonen hadde eit samla mindreforbruk på 0,4 mill. kr. i 2022.

	Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Sum administrasjon	57 184 671	60 724 571	60 284 933	-439 638	99,3 %
Kommunedirektør	6 889 816	8 671 721	10 309 987	1 638 266	118,9 %
Stab/støtte	50 294 855	52 052 850	49 974 946	-2 077 904	96,0 %

4.1.2 Overordna mål og sektorsatsingar i 2022

Overordna har merksemda i 2022 vore på å halde fram jobben med å samordne system, lage rutinar og digitalisere verksemda. Me har i stor grad nådd måla for sektoren og har fått på plass overordna HMT-plan, fått på plass og implementert nytt saks- og arkivsystem, fått offentleg elektronisk postjournal som bidreg til openheit og gjennomsiktighet, innført e-budsjett for heile organisasjonen, revidert retningslinjer

og reglement og starta på forbetring av arbeidsprosessar. I enkelte nøkkelstillingar har det vore frávær og delvis vakanse som har gitt utfordringar knytt til tenesteytinga. Særskilt har fagområde lønn gjennom siste halvdel av året vore prega av frávær og endringar.

4.1.3 Kommunedirektør og lærlingar

Kommunedirektør-ansvaret hadde eit meirforbruk på 0,9 mill. kr og lærling-ansvaret 0,7 mill. kr. Førstnemnte er knytt til auke i kjøp av tenester, særleg juridisk bistand. Meirforbruket på lærlingansvaret er knytt til at lærlingtilskot er uteståande i 2022-rekneskapen. Dette vil bli ført på 2023-rekneskapen.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Kommunedirektør	6 889 816	8 671 721	10 309 987	1 638 266	19 %
100	Kommunedirektør	3 280 938	3 252 743	4 193 334	940 591	29 %
101	Lærlingar	3 608 878	5 418 978	6 116 653	697 675	13 %

4.1.4 Stab/støtte

Samla har stab/støtte eit mindreforbruk på 2,1 mill. kroner.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Stab/støtte	50 294 855	52 052 850	49 974 946	-2 077 904	-4 %
130	Fellesansv. stab	-2 015 682	-742 387	1 083 846	1 826 233	-246 %
132	Arkiv	3 872 202	3 924 902	3 611 161	-313 741	-8 %
133	Innbyggjartorg	2 759 040	2 830 340	3 027 290	196 950	7 %
135	Personal og løn	12 088 752	11 023 752	10 024 065	-999 687	-9 %
140	IT og digitalisering	16 219 962	17 086 462	16 029 844	-1 056 618	-6 %
150	Politisk verksemd	5 636 149	6 004 249	6 246 790	242 541	4 %
159	Sogn regionråd	1	-199	0	199	-100 %
160	Økonomi	11 734 431	11 925 731	9 951 950	-1 973 781	-17 %

Fellesansvar stab

Fellesansvar stab har eit meirforbruk på 1,8 mill. kroner i 2022. Meirforbruket skuldast delvis innsparingskrav som ikkje har vorte realisert som planlagt i 2022. Dette blir forskyvd for realisering i 2023. I tillegg er det ført ein del felles lisenskostnader på ansvaret.

Arkiv og innbyggjartorg

Arkivtenesta har noko lågare utgifter enn budsjettert. Arkiv tok i bruk nytt sak- og arkivsystem januar 2022. Det har også vorte starta fulltekstpublisering av offentlege inngåande- og utgåande dokument i postlista. I tillegg nytt brukargrensesnitt på postlister og møtekalender på nettsida.

Arkivet utfører arkivtenester for Sogn regionråd, Miljøretta helsevern, Sogn PPT, Sogn barnevern og Sogn brann og redning. Arkivet jobbar jamleg med rydding, ordning og katalogisering av eldre papirarkiv etter 1964. Det er mykje av dette materialet som er uorganisert.

Det er mindreforbruk på 0,3 mill. kr på arkiv og meirforbruk på nesten 0,2 mill. kr på innbyggjartorga. Meirforbruket på innbyggjartorga skuldast felles innkjøp av forbruksmateriale til kommunehusa.

Personal og løn

Personal og løn har eit mindreforbruk på 1 mill. kr i 2022. Dette skuldast vakansar som har medført lågare lønsutgifter. Personal og løn skal vere støttespelar for gode tenester kvar dag og rigge organisasjonen for framtida. Avdelinga skal gjere organisasjonen best mogleg gjennom å legge til rette for gode avgjersler ute i tenestene slik at me kan tilby gode kvardagar til innbyggjarane våre og ha merksemda framover. Eininga skal i stor grad bidra til at me skal tilpasse oss dei krav og jobbe godt mot dei utfordringar som treff organisasjonen i framtida. I dette ligg det å bidra til ein god rigg for å stå i krevjande omstillingsarbeid og gi dei støttetenester som organisasjonen til ei kvar tid har behov for.

Eininga har gjennom året hatt frávær og vakanse i stillingar, noko som har ført til ekstra arbeidspress og belastning på dei tilsette. Det har difor vore naudsynt å leige inn noko ekstern kompetanse, særskilt knytt til lønnshandsaming. Eininga har gjennom året fasilitert og følgd opp revidering av reglement og retningslinjer, bidrege til overordna HMT-plan, AMU, kvalitets- og avvikssystem, leiarutviklingsprogram og lønnsforhandlingar.

IT og digitalisering

Rekneskapen viser eit mindreforbruk på IT på rett over 1,1 mill. kr. Mindreforbruket skuldast mellom anna at overgang til eigen drift har gitt lågare utgifter til tenestekjøp, samt noko vakanse på IT-avdelinga. Kostnadane til konsulenttenester har vore lågare enn forventa, då eininga har sikra stabil drift på eiga hand.

Me ser at innsparingane knytt til overgang frå Sysikt har vore vesentlege. Dette samstundes som ein har opplevd ei betring i stabilitet og kvalitet på drift og teneste. IT-avdelinga har mellom anna brukt ein del midlar på sikkerheitstiltak som gjer at me no har eit styrka sikkerheitsnivå.

Politisk verksemd

Sekretariat for politisk verksemd er ei gruppe på 7 tilsette, der ein av desse stillingane er ei 100% fast stilling knytt til formannskap og kommunestyre. Dei ulike politiske organa er fordelt mellom dei tilsette, slik at alle har faste utval eller råd ein har ansvar for. Sekretariatsgruppa jobbar med å få felles rutinar og oppgåver, slik at ting blir gjort rett og på lik måte.

Økonomi

Økonomi hadde eit mindreforbruk i 2022 på 2 mill. kr. Dette skuldast i hovudsak vakansar som har gitt lågare lønnsutgifter. For å kompensere for vakansar har det i periodar vore naudsynt å kjøpe inn noko meir konsulenttenester og det er difor noko meirforbruk knytt til dette.

4.2 Oppvekst

4.2.1 Kort om sektoren

Oppvekstsektoren i Sogndal omfattar 12 kommunale barnehagar, 4 private barnehagar, 9 grunnskular, Sogndal opplæringscenter, Kringsjå leirskule, helsestasjon, Sogn barnevern, og Sogn PPT. Samla sett er det om lag 2700 barn og unge i Sogndal kommune som er i alderen 0–18 år. Oppvekstsektoren er sett saman av personar med ulik fagbakgrunn og ulik kompetanse, og tverrfagleg samarbeid er nøkkelen til heilskaplege tenester. Endring i organisering og høg turnover i oppvekstadministrasjonen og skuleleiar-stillingar prega sektoren i 2022. Arbeid med å rekruttere til stillingar har hatt høg prioritet, og ved utgangen av 2022 er det tilsett i alle stillingar. Etter år med pandemi og omstilling ser ein at resultata i barnehagane og skulane held seg på eit stabilt godt nivå som viser at vi har tilsette med høg kompetanse som yter stor arbeidsinnsats for å gje gode tenester til barn og unge.

I 2022 var det eit netto meirforbruk på oppvekst på 5,7 mill. kroner som er gjort greie for i omtale av tenestoområda.

	Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Sum oppvekst	312 346 179	329 836 279	335 537 565	5 701 286	1,7 %
Felles oppvekst	-2 372 486	9 117 780	12 822 057	3 704 277	40,6 %
Støttetenester og PPT	36 648 573	36 970 973	31 936 596	-5 034 377	-13,6 %
Barnehage	111 762 540	117 844 574	117 610 598	-233 976	-0,2 %
Skule	166 307 552	165 902 952	173 168 314	7 265 362	4,4 %

4.2.2 Overordna mål og sektorsatsingar

Sogndal kommune har eit mangfald av barn og unge med ulike føresetnadar, behov, interesser, mål og draumar. Oppvekstsektoren skal møte alle med tillit og respekt, og gje dei tryggleik, kunnskap, dugleik og haldningar, slik at dei meistrar liva sine og kan delta i fellesskapet. Samfunnsplanen sitt mål om best på oppvekst er tufta på eit inkluderande oppvekstmiljø der alle er velkomne i fellesskapet og kjenner seg likeverdige fagleg, sosialt og kulturelt.

Status på vedteke målbilete i budsjett 2022 og økonomiplan 2022–2025:

Mål med omtale av satsinga	Aktivitet i 2022	Status
Nettverk: Ta del i regionsamarbeidet System for styrka læring. Samarbeide i nettverk i kommunen og i regionen om implementeringa av fagfornyinga – nye læreplanar i skulen og tilpassa opplæring, tverrfagleg samarbeid på barnehage.	Aktiviteten på nettverksarbeidet er attende til det nivået ein var før korona. Det har vore arrangert fellessamlingar for tilsette i skule og barnehage med variert deltaking frå tilsette i Sogndal kommune.	
Gjennomføre prosjekt «frå spesialundervisning til tilpassa	Prosjektet følger oppsett framdriftsplan.	

Mål med omtale av satsinga	Aktivitet i 2022	Status
opplæring» Arbeidet er organisert som eige prosjekt, med deltaking frå barnehage, skule og PPT. Me skal saman sjå på <i>før</i> tilmeldingsfasen og vurdere kva som skal løysast som tilpassa opplæring i den ordinære opplæringa og kva som krev spesialpedagogisk oppfølging.		
Nytte moglegheitene som ligg i samlokaliseringa av oppveksttenester i Dalavegen 2 til ein modell rundt Familiens hus, med samhandling rundt tenestetilbodet til innbyggjarane i kommunen.	Ny overordna organisering av oppvekstsektoren er sett i verk med strukturar for auka samhandling mellom dei fem tenestoområda og strukturar for samhandling. Det er framleis eit stykke arbeid att. Arbeidet med barnevernsreforma/ oppvekstreforma er godt i gang særleg gjennom arbeidet med plan for førebygging av omsorgsvikt og åtferdsvanskar.	
Vurdere korleis tilbodet for psykisk helse for barn og unge bør organiserast.	Prosjektet "Livsmestring og robuste barn" har levert rapporten etter kartlegging og er no i ein fase der det skal prøvast ut tiltak i barnehage og skular .	
Nytte nasjonale tilskotsordningar til å supplere eige tenestetilbod gjennom prosjektmidlar, døme kan vere: • Læringsmiljøprosjektet • Vidareutdanning av barnehagelærarar og lærarar	Tenestene søker ulike regionale og nasjonale tilskotsordningar for å styrka eige tenestetilbod. Mange av ordningane krev kommunal medfinansiering og eigne rapporteringsrutinar. Utfordringa er at nasjonale støtteordningar ikkje alltid bygger opp under dei lokale måla og det kan vere særskild ressurskrevjande å følgje opp tilskot.	
Sogndal kommune skal vere ein aktiv bidragsytar i regionalt samarbeid til beste for barn og unge, bidra til å heve kompetansen til leiarar og tilsette, og vere pådrivarar for utvikling av tenestene våre i regionen.	Sektoren deltek i det regionale samarbeid knytt til "System for styrka læring" på ulike nivå mellom anna arrangering av fagnettverk for skular og barnehagar.	
Samarbeid med HVL på dei fagområda som oppvekstsektoren representerer, særleg gjennom • å ta imot studentar i praksis	Sektoren har eit tett og godt samarbeid med HVL på dei ulike områda. Dette både for å ta i vare vertskommunerolla, barnehage- og skuleutviklinga og eige behov for å	

Mål med omtale av satsinga	Aktivitet i 2022	Status
• avtale om at Leikanger ungdomsskule er lærarutdanningsskule • avtale om lærarutdanningsbarnehage Fosshagen utdanningsbarnehage • nært samarbeid med Senter for fysisk aktiv læring (SEFAL) ved HVL for auka merksemd på fysisk aktiv læring.	rekruttere nye lærarar og barnehagelærarar. Sogndal kommune treng fleire dyktige medarbeidarar framover.	
Det er tilsett i stilling som offentlig doktorgradsstipendiat i samarbeid med andre. Stillinga starta opp i august 2022	Sektoren har saman med HVL søkt og fått ekstern finansiering til om lag 75 % stilling av ei Phd-stilling. Oppvekstsektoren restfinansierer 25 % av stillinga.	
Samhandlingsmodellen betre tverrfagleg innsats (BTI) i sektoren	BTI-modellen er arbeidsforma for barnehagane og skulane i Sogndal kommune. Gjennom det tverrfaglege arbeidet har ein heva kompetansen til tilsette i arbeidet med å skape trygt og godt oppvekstmiljø. BTI og Visma stafettlogg tryggar samhandlingane mellom tenestene. I oppvekstsektoren tilsett i ei 2 årig prosjektstilling som rådgjevar BTI	

4.2.3 Fellesområde oppvekst

Fellesansvar for oppvekst hadde eit meirforbruk på 3,7 mill. kr. i høve budsjettet. Meirforbruket skuldast mellom anna utgifter til gjesteelevar i andre kommunar på 1,2 mill. kr, konsulentkjøp i samband med spesialpedagogikk-prosjekt på 0,4 mill. kr., kjøp av varer og tenester på 1,2 mill. kr og meirutgifter til skuleskyss på 0,2 mill. kr.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Felles oppvekst	-2 372 486	9 117 780	12 822 057	3 704 277	41 %
200	Fellesansvar oppvekst	4 597 023	9 117 523	12 822 057	3 704 534	41 %
201	Innsparingstiltak oppvekst	-6 969 509	257	0	-257	-100 %

4.2.4 Barnehage

Barnehagane har samla sett eit forbruk på kr 117,6 mill. kr i 2022, noko som er mindreforbruk på kr 0,2 mill. kr. i høve budsjett.



Foto: Inger Helgestad, Porten.no

Fellesansvar for barnehagar har eit samla mindreforbruk på kr 0,5 mill. kr. På nokre postar er det likevel meirforbruk, og på nokre postar er det mindreforbruk, som t.d. "styrka tilbod til førskulebarn" med om lag 3,75 mill. kr. Postar med meirforbruk er overføring til andre (private barnehagar) på 1 mill. kr. og 0,2 mill. kr knytt til kjøp av tenester frå andre kommunar. Vidare er det eit meirforbruk knytt til kjøp av lisensar på dataprogram på omlag 0,3 mill. kr.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Barnehage	111 762 540	117 844 574	117 610 598	-233 976	0 %
250	Fellesansvar barnehage inkl. spesped.	9 525 693	9 329 127	8 819 760	-509 367	-5 %
255	Sagatun barnehage	5 312 872	5 452 472	5 990 660	538 188	10 %
256	Fjordtun barnehage	1 610 895	1 629 195	1 625 166	-4 029	0 %
257	Fjærland barnehage	1 397 748	1 410 148	1 402 129	-8 019	-1 %
258	Ylvisåker barnehage	3 677 846	3 736 246	3 622 244	-114 002	-3 %
259	Notsete barnehage	3 728 636	3 796 636	3 761 017	-35 619	-1 %
260	Kyrkjebakken barnehage	5 211 708	5 303 108	5 784 265	481 157	9 %
261	Kjørnes barnehage	10 117 781	10 320 081	11 159 364	839 283	8 %
262	Furuli barnehage	10 946 267	11 109 767	10 739 819	-369 948	-3 %
263	Fosshagen barnehage	12 338 100	13 113 400	12 586 654	-526 746	-4 %
264	Nybø barnehage	6 466 354	6 598 154	6 914 506	316 352	5 %
265	Henjahaugane barnehage	5 473 640	5 591 240	5 786 983	195 743	4 %
266	Kvernhushaugen barnehage	0	1 800 000	1 482 287	-317 713	-18 %

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
280	Sogndal studentbarnehage	7 473 000	7 857 000	7 767 796	-89 204	-1 %
281	Stedje barnehage	10 072 000	10 888 000	10 521 764	-366 236	-3 %
282	Rones barnehage	11 769 000	12 725 000	12 761 929	36 929	0 %
283	Askedalen barnehage	6 641 000	7 185 000	6 884 255	-300 745	-4 %

Dei einskilde barnehagane har ikkje dei store avvika. Nokre med mindreforbruk, og nokre med meirforbruk. Dette går i hovudsak på lønskostnader knytt til vikarar, bemanning, brukarbetaling.

I tillegg vart refusjon frå andre kommunar lågare enn budsjettert. Dette skuldast m.a. at kommunen ikkje har rett til å få dekt kostnader for barn som har plass i private barnehagar, hjå den kommunen der barnet er folkeregistrert. Ein samarbeidsavtale mellom kommunar i gamle Sogn og Fjordane hindrar kommunen få dette tilskotet som gjeld barn i Studentbarnehagen.

4.2.5 Skule

Skulane har eit forbruk på 173 mill. kr. i 2022, noko som er eit meirforbruk på 7,3 mill. kr. Fellesansvaret for skulane har eit meirforbruk på 1 mill. kroner og skuldast i hovudsak auke i utgifter til husleige. Skulene nyttar ein ressursfordelingsmodell til budsjettering per skule. Modellen er retningsgivande knytt til årsverk og til budsjettbeløp. For nokre skular, som til dømes Sagatun skule, har det vore utfordrande å ta ned tal stillingar som ligg i modellen.

Frå 01.08.2022 vart det innført 12 timars gratis SFO for elevar i 1. klasse. Dette gjev alle skular med SFO-tilbod lågare inntekter frå foreldrebetaling. Frå 01.08.2023 vil tilbodet om gratis SFO bli utvida til også å gjelde elevar i 2. klasse.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Skule	166 307 552	165 902 952	173 168 314	7 265 362	4 %
300	Fellesansvar skule	16 426 465	14 875 865	15 797 782	921 917	6 %
310	Sogatun skule og SFO	14 064 999	14 157 699	15 831 613	1 673 914	12 %
315	Fjardtun skule og SFO	1 764 999	1 783 399	1 327 702	-455 697	-26 %
320	Fjærland skule og SFO	2 767 003	2 776 703	2 910 827	134 124	5 %
325	Norane skule og SFO	4 770 001	4 798 601	4 911 919	113 318	2 %
330	Kaupanger skule og SFO	21 644 998	21 741 998	23 083 978	1 341 980	6 %
335	Trudvang skule og SFO	34 387 996	34 750 696	36 524 480	1 773 784	5 %
340	Kvåle skule	35 254 004	35 426 904	36 756 086	1 329 182	4 %
345	Leikanger barneskule og SFO	18 976 002	19 861 302	20 759 379	898 077	5 %
350	Leikanger ungdomsskule	14 717 002	14 087 802	13 708 247	-379 555	-3 %
390	Kringsjå leirskule	-128 396	-83 096	-241 016	-157 920	-190 %
399	Sogndal opplæringscenter	1 662 479	1 725 079	1 797 317	72 238	4 %

4.2.6 Støttetenester

Tenesteeining helsestasjon og jordmor hadde i 2022 eit mindreforbruk. Dette skuldast sjukefråvær, vakanse, samt refusjonar frå andre kommunar og helseføretak. Ved sjukefråvær og vakanse har det vore lyst ut stillingar, men ein har hatt fråvær av kvalifisert personell og manglande søkjarar.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Støttetenester og PPT	36 648 573	36 970 973	31 936 596	-5 034 377	-14 %
210	Sogn PPT	0	-30 600	0	30 600	-100 %
211	Logopedi	-33 597	-33 297	0	33 297	-100 %
220:						
229	Sogn barnevern	21 732 005	21 746 905	19 394 209	-2 352 696	-11 %
230	Helsestasjon og jordmor	13 103 883	13 420 383	11 047 645	-2 372 738	-18 %
235	Ungdomsavdeling	1 846 282	1 867 582	1 494 742	-372 840	-20 %

4.3 Helse og omsorg

Helsesektoren hadde i 2022 eit budsjett på 346 mill. kr. Deler av auken frå opphøveleg budsjett skuldast at vedteke innsparingskrav vart tatt bort for 2022 i revidert budsjett. Sektoren fekk likevel eit meirforbruk på 19,2 mill. kr. Hovudårsaka til dette er høgare lønsutgifter enn budsjettet, primært overtid og vikarbruk. Meirforbruket er særleg stort på SHOS og heimetenester i Sogndal.

	Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Sum helse og omsorg	314 121 265	346 394 365	365 633 673	19 239 308	6 %
Fellesansvar helse og omsorg	15 004 185	25 974 838	29 667 923	3 693 085	14 %
Balestrand og Leikanger - sjukeheim og heimeteneste	81 803 797	82 665 584	85 767 073	3 101 489	4 %
Sogndal helse- og omsorgssenter	63 171 591	69 987 201	78 175 132	8 187 931	12 %
Heimetenester Sogndal	33 429 209	34 908 559	39 079 449	4 170 890	12 %
Bu- og miljøtenester	66 891 188	75 822 088	73 572 199	-2 249 889	-3 %
Legeteneste	24 065 755	26 590 955	29 092 328	2 501 373	9 %
Psykisk helse og rus	20 018 704	20 307 004	20 336 793	29 789	0 %
Ergo, fysio og friskliv	9 736 836	10 138 136	9 942 776	-195 360	-2 %

4.3.1 Kort om sektoren

Overordna skal sektor for helse og omsorg sikra innbyggjarane helse- og omsorgstenester, med vekt på sjølvstende og meistring. Me skal leggja til rette for eit godt samarbeid med tenestemottakarar og pårørande, og legge vekt på kva som er viktig for den enkelte. Helse og omsorg skal dekkja innbyggjarane sine behov for heimetenester, institusjonsteneste, akuttmedisinske tenester og ulike støtte-, meistring-, habiliterings- og rehabiliterings-funksjonar. Sogndal kommune skal tilby fleksible, koordinerte og framtidsretta helse- og omsorgstenester med rett kompetanse til rett tid.

Sektoren består av sju einingar, dette omfattar tre sjukeheimar, tre soner for heimetenester, legeteneste med tre soner, psykiatri og rus, fysioterapi, ergoterapi, fire soner bu og miljøteneste, samt vedtakskontoret. Fem av einingane har døgnkontinuerlege tenester. Sektoren har òg fellestenester som ligg i direkte linje under kommunalsjef. Fellesområdet helse og omsorg består av kommuneoverlege, miljøretta helsevern, og rådgjevarar. Dei tre sjukeheimane tilbyr alle korttidsopphald, avlastningsopphald, rehabiliteringsopphald og langtids plass. Kommunen sitt tilbod innanfor KAD (kommunal akutt døgneining) er plassert ved Sogndal helse- og omsorgssenter (SHOS).

Det er venta at behovet for pleie- og omsorgstenester vil få ein vesentleg auke i åra som kjem som følgje av endringar i demografien. Analysar gjennomført av Agenda Kaupang peiker på at dersom kommunen held fram med å tildela pleie- og omsorgstenester som i dag, vil dette kunne gi ein meirkostnad for kommunen på rundt 26 millionar kroner allereie i 2025. I 2040 vil meirkostnadane kunne auke ytterlegare, til rundt 183 mill. kr. Ein slik vekst innan pleie og omsorg vil utfordra heile kommunen.

4.3.2 Overordna mål og sektorsatsingar

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2022	Status
Sogndal kommune skal gje gode og likeverdige tenester	Sektoren har jobba med utvikling av vedtakskontoret for å sikre lik handsaming av søknad om helse og omsorgstenester.	
	Sektoren har søkt tilskot til aktivitetstiltak for å motverke einsemd, og styrka og vidareutvikle tenester som avlastningstilbod, dagsentertilbod, meistrings- og aktivitetstilbod Sektoren har hatt jobba med Leve heile livet reforma. • Styrke satsinga på folkehelse og velferdsteknologi gjennom rekruttering av rådgivar. • Delta på dialogmøte regi av Statsforvaltaren	
	Det er gjennomført arbeid i alle einingane knytt til oppbygging av kvalitetssystem og sikre at rutinar for styring og avvikshandtering vert følgt opp. Avvik blir rapportert på alle nivå. Dette er eit arbeid som ikkje er slutført.	
Sogndal kommune skal fremme livskvalitet for alle	Styrka og vidareutvikle tenester som avlastningstilbod, dagsentertilbod, meistrings- og aktivitetstilbod	
	Utvikle ambulante team innanfor førebyggjande heimebesøk	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2022	Status
	Bidra til at pårørande får støtte til meistring gjennom tilpassa opplæring, rettleiing og rådgjeving	
Skapt for aktiv livsstil	Sektoren har fokus på å utvikle tettstadene til aldersvennlege lokalsamfunn, i samsvar med Leve heile livet-reforma. Dette har vi gjort gjennom å vidareføre arbeidet i nettverket aldersvennlege lokalsamfunn.	
	Me skal gjere lokalsamfunnet i stand til å møte dei utfordringane og moglegheitene knytt til ei aldrande befolkning • Legge til rette for sosiale møteplassar og aktivitet • Pådrivar for aldersvennlege bustadar og lokalsamfunn.	
	Utvikling av lågterskeltilbod på tvers av tenesteområde. • Opprette “sterk og stødig” - grupper i heile kommunen. Søke prosjektmidlar til sosial aktivitet i samband med aktiviteten og til koordinering av større prosjekt. Dialog med frivilligsentralane. • Halde fram tiltak som lågterskel gruppetimar hjå fysio/friskliv og kvardagsrehabilitering.	
	Utvikle frisklivsarbeid som eit tilbod til personar med fysiske eller psykiske helseplagar i heile kommunen	
Sogndal kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar – framtidsretta organisasjon	Delta i nasjonale, regionale og lokalt utviklingsarbeid knytt til digitalisering. Delta i nettverksarbeid gode pasientforløp med fokus på overgangar mellom teneste	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2022	Status
	Sektoren satsa på at administrative arbeidsprosessar vert digitaliserte og automatiserte for å frigjere ressursar til tenestene. Det er implementert svar ut og scanning mot fagsystemete i gericar.	
	Det er søkt tilskot til kompetanseheving og innovasjon hjå startsførvaltaren	
	Vurdere innføring av e-lås til heimebuande med tryggleiksalarm	
	Implementere «Svar ut» og skanning knytt mot fagsystemet	
Sogndal kommune skal ha attraktive tettstader som tilbyr varierte funksjonar og gir trivsel Helsefremjande tettstader som gir betre psykisk og fysisk helse	Styrke samarbeid mellom tenesteeiningane når det gjeld førebygging og tidleg innsats . • Sterk og stødig. • Aktivitetskoordinator innanfor psykisk helse og rus. • Rekruttering av psykolog. • Opprette frisklivstilbod i Balestrand og vidareutvikle i dei andre delane av kommunen.	
	Videreføre legevaktspilot i Balestrand som ein integrert del av institusjonsdrifta.	
	Utarbeide kompetansestrategi for helse og omsorg	
	Vi skal vere tillitsvekkande og behandle tilsette rettferdig og halde det vi lova	
	Prosessar og prosjekt skal vere transparente	
	Opplæring i hovudavtalen/ trepartssamarbeid for alle leiarar	
	Førebyggjande arbeid: Nettverksarbeid i dei ulike einingane der sentrale tema er arbeidsmiljø og sjukefråværsoppfølging. Rutine, roller og samarbeid.	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2022	Status
	Styrke samarbeid mellom tenesteeiningane når det gjeld førebygging og tidleg innsats.	
	Aktivitetskoordinator innanfor psykisk helse og rus	

4.3.3 Felles helse og omsorg

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 3,6 mill. kroner for området. Fellesansvaret har eit meirforbruk på 0,8 mill. kr. som kjem av kjøp av tenester frå eksterne ut over budsjettramme. Resterande knyter seg til meirforbruk hos vedtakskontoret. Årsak til meirforbruk er i hovudsak auka utgifter knytt til kjøp av eksterne tenester til brukarar. Det er også noko meirforbruk på løn. Vedtakskontoret har i 2022 hatt mykje sjukefråvær. Vedtakskontoret har i 2022 revurdert fleire vedtak, noko som har medført reduserte utgifter knytt til t.d. omsorgsstønad og avlasting. Til sist er det eit meirforbruk på tenesta støttekontakt, på om lag 0,7 mill. kr.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Fellesansvar helse og omsorg	15 004 185	25 974 838	29 667 923	3 693 085	14 %
400	Fellesansvar helse og omsorg	3 870 351	6 277 854	7 153 715	875 861	14 %
401	Innsparingstiltak helse og omsorg	-7 293 838	-61 288	0	61 288	-100 %
402, 522	Skjenkekontroll	-221 000	-221 000	-291 444	-70 444	32 %
410	Vedtakskontoret	18 646 036	19 976 836	22 805 652	1 330 800	7 %
415	Interkommunalt miljøretta helsevern	2 636	2 436	0	-200	-8 %

4.3.4 Balestrand og Leikanger – sjukeheim og heimetenester

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Balestrand og Leikanger - sjukeheim og heimeteneste	81 803 797	82 665 584	85 767 073	3 101 489	4 %
420	Balestrand sjukeheim og heimeteneste	38 664 113	41 820 871	44 059 698	2 238 827	5 %
430	Leikanger sjukeheim og heimeteneste	43 139 684	40 844 713	41 707 375	862 662	2 %

Rekneskapen syner totalt eit samla meirforbruk på 3,1 mill. kroner, derav 2,2 mill. kr. i Balestrand. Dette skuldast meirforbruk knytt til vikarbyrå på 1,9 mill. kroner i Balestrand. Begge stader er det noko meirforbruk på overtid som skuldast vakante stillingar og sjukefråvær. Det har og vore behov for ekstra bemanning på skjerma

eining noko som har bidrege til meirforbruk. Eininga jobba aktivt med rekruttering og har mål om å redusere behovet for vikarbyrå. Det har i 2022 vore jobba med optimalisering av bemanningsplan og turnus samt utviklingsarbeid knytt til gode pasientforløp. Det er innført sjekklister for tenesteforløp og tilsett fagsjukepleiarar som har fokus på fagutvikling og internundervisning.

4.3.5 Sogndal helse- og omsorgssenter

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Sogndal helse- og omsorgssenter	63 171 591	69 987 201	78 175 132	8 187 931	12 %
440	Institusjon Sogndal	38 722 668	46 369 178	51 454 057	5 084 879	11 %
444	Bustadar med heildøgns pleie og omsorg (Prestahagen)	23 237 326	22 297 426	25 444 796	3 147 370	14 %
446	Dagsenter SHOS	1 512 485	1 536 685	1 633 700	97 015	6 %
448	Produksjonskjøken SHOS	-300 888	-216 088	-357 421	-141 333	65 %

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 8,1 mill. kr. Området omfattar institusjon Sogndal, bustader med heildøgns pleie og omsorg, dagsenter og kjøkken.

Institusjonsdrift har eit meirforbruk på 5 mill. kr. medan Prestahagen har eit meirforbruk på 3,1 mill. kr. Dette skuldast mellom anna ein krevjande bemanningssituasjon sommaren 2022. Det var spesielt krevjande å oppretthalde bemanning med sjukepleiar på alle vakter, noko som medførte høge utgifter til vikarar og overtid. Det blei iverksett tiltak med kompensasjonsordning for tilsette, noko som også medførte auka utgifter. På grunn av kapasitet og ferieavvikling blei alle tilbod om rehabilitering flytta til kortidsavdelinga i Sogndal, dette førte til ytterlegare behov for ekstra innleige i delar av sommaren.

Det er iverksett fleire tiltak for møte sommaren 2023 på ein betre måte. Det er tilsett ny avdelingsleiar i 3. etg, og med det fått meir stabilitet på leiarsida. Det er tilsett fagutviklingssjukepleiar som held fokus på fagutvikling, gode pasientforløp og internundervisning. Me held fram arbeidet med utgreiing av dekningsgrad på sjukeheim, bemanningsfaktor, rekruttering og kompetanseplan.

4.3.6 Heimetenester Sogndal

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Heimetenester Sogndal	33 429 209	34 908 559	39 079 449	4 170 890	12 %
450	Heimebaserte tenester - Sogndal	33 429 209	34 908 559	39 079 449	4 170 890	12 %

Heimebaserte tenester har eit meirforbruk på 4,2 mill. kroner. Dette skuldast meirforbruk for vikarbruk, overtid og avtalefesta faste og variable lønnstillegg. Dette er i hovudsak knytt til ein utfordrande bemanningssituasjon, særleg i sommar, med høgt sjukefråvær og lite tilgang på vikarar.

Heimebaserte omsorg omfattar mellom anna heimehjelp, heimesjukepleie, matombringning, omsorgsstønad og tryggleiksalarmar. Heimebasert omsorg har eit meirforbruk på 4,1 mill. Kroner. Meirforbruket er knytt til overtid og innleige grunna sjukefråvær. Eininga har i periodar hatt utfordringar knytt til sjukefråvær og lite tilgang på vikarar som gir utslag i auka bruk av overtid.

I tråd med nasjonalt handlingsprogram for palliasjon er det i 2022 gjennomført eit større arbeid knytt til «livets siste dagar» og plan for lindring i livets slutfase.

4.3.7 Bu- og miljøtenester

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Bu- og miljøtenester	66 891 188	75 822 088	73 572 199	-2 249 889	-3 %
454	Bu og miljø - Sone Sogndal	12 130 837	16 036 337	15 386 187	-650 150	-4 %
455	Sogndal ressurscenter	2 842 971	2 715 771	2 496 940	-218 831	-8 %
460	Bu og miljø - Sone Stedje	17 250 023	13 074 023	17 529 345	4 455 322	34 %
462	Bu og miljø - Sone Leikanger	8 351 132	15 114 232	12 190 595	-2 923 637	-19 %
464	Bu og miljø - Sone Balestrand	26 316 225	28 881 725	25 969 132	-2 912 593	-10 %

Bu- og miljøtenesta har ansvar for tenester til menneske med ulike typar nedsett funksjonsevne. Tenesta består av tre geografiske soner med fire avdelingar. Pasient- og brukargrupper er personar med funksjonsnedsetting som skuldast medfødde eller erverva tilstandar. Tenesta omfattar personleg assistanse, opplæring i dagleglivet, tilrettelagde bustader, dagtilbod og fritidstilbod.

Drift av bu- og miljøtenesta syner eit samla mindreforbruk på kr. 2,2 mill. kr. Dette skuldast mellom anna at refusjon knytt til ressurskrevjande tenester vart 1,2 mill. kroner høgare enn budsjettet. Endringar knytt til refusjon for ressurskrevjande tenester er også hovudårsaka til avvik mellom dei særskilte ansvara. Vidare har enkelte av ansvara noko lågare lønnsutgifter enn budsjettet.

4.3.8 Legeteneste

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Legeteneste	24 065 755	26 590 955	29 092 328	2 501 373	9 %
470	Legeteneste - Sogndal	13 058 642	13 871 142	14 173 209	302 067	2 %
471	Legeteneste - Leikanger	2 837 359	3 067 859	4 151 490	1 083 631	35 %
472	Legeteneste - Balestrand	4 759 290	4 897 190	5 302 169	404 979	8 %
478	Legevaktspilot Balestrand	-871 917	215 183	276 113	60 930	28 %
479	Legevakt L og S	4 282 381	4 539 581	5 189 347	649 766	14 %

Rekneskapen syner totalt eit meirforbruk på 2,5 mill. kroner. Avviket skuldast meirforbruk på hjelpepersonell og høge kostnader til legevikarar i starten av 2022 på

grunn av legemangel. Legevakt har og eit avvik som er knytt til høgare lønnskostnader (beredskapslønn) og auka betaling til legevaktsentralen i Lærdal.

4.3.9 Ergo, fysioterapi


		Rekneskap	Rev. Budsjett	Opphav. Budsjett	Avvik	Avvik i %
	Ergo, fysio og friskliv	9 736 836	10 138 136	9 942 776	-195 360	-2 %
480	Ergo- og fysioterapi	9 736 836	10 138 236	9 942 776	-195 460	-2 %
489	Frisklivssentralen	0	-100	0	-100	100 %

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 0,2 mill. kr, dette skyldast vakant stilling i sjukemeldingsperiode og auka refusjonar frå Helfo. Fysioterapitenesta driv behandling, (re)habilitering og førebyggjande/lågterskel tilbod individuelt og i grupper innanfor fleire alders- og helseområde. Ergoterapeut har god kompetanse på tilpassing av hus til folk med nedsett funksjonsevne. Det gjeld bustad, barnehage, skule og andre bygg, samt full oversikt over hjelpemiddel, både kommunalt lager og søknader på utlån frå NAV. Eininga har i 2022 jobba aktivt med gode pasientforløp og etablering av kvardagsrehabilitering i Balestrand. Det er og startar tilsette trening og grupper for sterk og stødig, dette er eit samarbeid mellom fysioterapi og Frisklivssentralen.

4.3.10 Psykisk helse og rus

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Psykisk helse og rus	20 018 704	20 307 004	20 336 793	29 789	0 %
473	Psykisk helse og rus - Sogndal	4 954 046	5 068 146	5 501 306	433 160	9 %
474	Psykisk helse og rus - Plassen 4	8 220 177	8 440 777	6 448 886	-1 991 891	-24 %
475	Psykisk helse og rus - Seljetunet	1 175 635	975 935	1 696 451	720 516	74 %
476	Psykisk helse og rus - Helseteam	5 668 846	5 822 146	6 690 150	868 004	15 %

Psykisk helse og rus omfattar tre geografiske soner med fire avdelingar. Samla for tenesta er utgiftene svært tett på budsjett, men det er avvik mellom avdelingane. Plassen 4 har eit mindreforbruk på 2 mill. kroner, noko som skuldast at ein har greidd å løyse oppgåvene med ein lågare ressursbruk enn lagt opp til i budsjettet. Dette har gjort det mogleg å dekke inn meirforbruk på andre ansvar i tenesta utan å auke tenesta si samla ramme. Meirforbruk på dei øvrige ansvara skuldast i hovudsak manglande budsjettering til ulike lønnsstillegg. Det er og noko meirforbruk knytt til ferievikarar og sjukevikarar.



4.4 Plan og teknisk

4.4.1 Kort om sektoren

For Plan og teknisk vart organisering endra med verknad frå 01.09.2022. Plan og forvaltning fekk tilført avdeling for landbruk, medan teknisk drift vart endra til tre nye tenesteområde; veg og park, vatn og avløp og bygg og eigedom. Det totale rekneskapsresultatet er relativt nær budsjettramme, men med samla sett eit meirforbruk på 0,7 mill. kr i 2022.

Fellesansvaret og plan og forvaltning hadde eit mindreforbruk på høvesvis 2,2 mill. kr og 2,5 mill. kr. Ved teknisk drift var det eit meirforbruk på 5,3 mill. kr. Vesentlege budsjettavvik vert omtalt under ansvarsområda.

	Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Sum Plan og teknisk	80 819 880	89 946 980	90 613 569	666 589	1 %
Fellesansvar	27 577 414	28 522 814	26 356 084	-2 166 730	-8 %
Plan og forvaltning	5 553 126	6 539 126	4 054 975	-2 484 151	-38 %
Teknisk drift	47 689 340	54 885 040	60 202 510	5 317 470	10 %

Sektoren har i 2022 vore prega av endringar, og særskild av at leiarstillingar og sentrale fagstillingar har vore vakante. Dette har ført til at merksemda i stor grad har vore knytt til driftsoppgåver, medan nokre utviklingsoppgåver ikkje har hatt ynskt framdrift. Mot slutten av året vart leiarkabalen og dei fleste fagstillingane på plass.

Dette gjev grunnlag for å ha større merksemd på overordna sektorsatsingar med utviklingsoppgåver som prosjekt og investeringsprosjekt i åra som kjem.

4.4.2 Overordna mål og sektorsatsingar

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2022	Status
Gjennomføre arbeidet med arealdel	Arbeidet med arealplan har hatt høg prioritet. Det har vore høg grad av medverknad samt politisk styring gjennom ein rad politiske prosessvedtak. Framdriftsplanen har vore justert, og det er føresett endeleg vedtak av planen hausten 2023.	
Områdeplanar etter vedteken planstrategi	Planstrategien er ambisiøs og føreset heile fem områdeplanar igangsett eller ferdig i 2022. Arbeidet med arealplanen har vore prioritert og kravd intern kapasitet. Har ut i frå dette prioritert arbeid med to områdeplanar i Sogndal sentrum med konkrete utbyggingsinitiativ; Nestangen og Rutlin/Ulvahaugen. Planarbeida vert gjennomført i 2023 og vedteke i første halvdel av 2024. Det vert større kapasitet til arbeid med områdeplanar når arbeidet med arealplanen vert ferdigstilt.	
Bustadinvesteringar	Har prioritert naudsynt vedlikehald av fleire kommunale utleigebustader innfor fastsette budsjetttrammer i samband med ny flyktningstraum i 2022. Behovet er stort og arbeidet vil halde fram.	
Oppgradering av barnehagar og skular	Har jobba med ulike prosjekt • Det er gjennomført investeringsprosjekt med oppgradering av Leikanger ungdomsskule bygg C, og sett i gang prosjekt for Notsete og Rones barnehage i samsvar med investeringsrammer for prosjekta. • På Kaupanger er det inngått avtale med Kaupanger IL om leige av klubbhuset og tilrettelagt og etablert mellombels barnehage. • Det er i tillegg gjort mindre oppgraderingar for andre bygg som følgje av tilsyn frå miljøretta helsevern. • Planlagt mogelegheitsstudie for 1-10 skule på Leikanger er gjennomført som føresett. I dette arbeidet er det også vurdert	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2022	Status
	alternativ løysing med oppvekstsenter med barneskule og barnehage. - Planlegging av ny 1-7 skule i Sogndal. Har vore gjennomført mogelegheitsstudie for 3 lokalitetar, og vidare eit omfattande arbeid for å få eit grunnlag til å ta strategiske val og val for lokalisering av den nye skulen. Prosjektet har hatt høg prioritet då utbygginga vil vere svært stor og viktig for kommunen, samt at tidslinene er relativt stramme. - Det har og vore prosess og inngått avtale med studentsamskipnaden Saman om samspel for bygging av ny barnehage på Kvåle i Sogndal sentrum. Her må kommunen følgje opp med omfattande tilrettelegging av infrastruktur som veg, gangveggar, parkering og VA. Det står framleis att mykje arbeid kring kartlegging, strategiske val og ikkje minst konkret oppfølging av oppgradering av einskilde skule og barnehagebygg. På Kaupanger spesielt må det bli gjort større grep på skulen, og for barnehage må det bli avklart og planlagt for langsiktig løysing på Leikanger særskilt.	
Utvikle leiarrolla	Har vore gjennomført felles leiarutviklingsprogram i regi av Agenda Kaupang med sektorvise samlingar. Dette må vere eit kontinuerleg arbeid, der kompetanse og rolleforståing knytt til leining vert oppdatert og jobba med på line med annan fagutøving. Arbeidet vert vidareført i 2023 med ny samansett leiargruppe, og med oppfølging av intern organisasjons-utviklar.	
Digitalisering, smart drift og gode klimaløysingar for bygg og anlegg	Har hatt merksemd på å nytte digitale hjelpemiddel til betre og effektivisere arbeidsplanlegging og gjennomføring av driftsoppgåver. Nyttar programmet LAFT til registrering og fordeling av arbeidsoppdrag, samt at reinhaldsplanar og dagleg oppfølging av desse vert handtert i eigen modul her. Digitalisering ved smart drift og gode klimaløysingar av bygg og anlegg vert del av langsiktig satsing i 2023 og åra som kjem.	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2022	Status
Planmessig gjennomgang for å optimalisere drift av offentlege grøntområde, parkar og torg	Har jobba med organisering av arbeidet i arbeidsteam og ha rett utstyr. Dette har betra kvalitet og effektivitet på driftssida. Manglar framleis ein samla plan som definerer driftsnivå og tiltak på ulike grøntområde. Arbeidet vil halde fram.	
Gjennomføre arbeidet med kommunal transportplan i tråd med vedteken planstrategi	Til Plan og teknisk ligg KTP del 1 og 2 - Del 1 trafikktryggleiksplan Vart gjennomført i 2022 som føreset. - Del 2 kommunale vegar. Vart ikkje gjennomført. Førebuing med innkjøp av FDV-program ROSY vart gjort i 2022. Det er laga ein plan for gjennomføring sesongen 2023.	
Gjennomføre arbeidet med hovudplan for vatn og avløp i tråd med vedteken planstrategi	Arbeidet er ikkje gjennomført Mange store prosjekt innan VA-området gjorde til at det ikkje var kapasitet til å følgje opp hovudplanarbeidet. Er prioritert i 2023.	

4.4.3 Fellesansvar plan og teknisk

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Fellesansvar	27 577 414	28 522 814	26 356 084	-2 166 730	-8 %
500	Fellesansvar Plan og samfunn	1 073 348	1 874 448	876 686	-997 762	-53 %
503	Planlegging og utbygging	3 516 907	3 500 807	2 381 653	-1 119 154	-32 %
505	Bustadkontoret	3 296 185	3 456 585	4 879 864	1 423 279	41 %
590	Brann og ulykkesvern (inkl. sivilforsvaret)	19 690 974	19 690 974	18 217 881	-1 473 093	-7 %

Dei 4 ansvara har eit samla mindreforbruk på 2,17 mill. kr. For fellesansvaret (500) er det samla og ført større inntekter frå avtalar og festeavgifter her enn føreset. For ansvar planlegging og utbygging har det vore redusert bemanning med vakansar i stillingar som har gjeve innsparing på lønskostnader. For ansvar bustadkontoret er det eit overforbruk som i hovudsak skuldast meirkostnader for straum med 0,6 mill. kr., samt at bustadtilskot ikkje fullt ut kunne bli dekt av fond, som føreset. For brann og ulykkesvern vart kostnaden til Sogn Brann og redning noko mindre enn budsjett, då reforhandla avtale vart gunstigare, samt at det ikkje her var teke høgde for at kostnaden med byggetilsyn er ført på plan og forvaltning.

4.4.4 Plan og forvaltning

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Plan og forvaltning	5 553 126	6 539 126	4 054 975	-2 484 151	-38 %

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
510	Plan	4 614 714	5 025 114	2 826 713	-2 198 401	-44 %
511	Byggesak	-135 410	-47 210	107 637	154 847	-328 %
512	Oppmåling	1 156 629	1 230 829	1 100 159	-130 670	-11 %
515	Miljøvern og sikringstiltak	-82 807	330 393	20 466	-309 927	-94 %

Plan har ei innsparing på 2,2 mill. kr. Dette skuldast i stor grad ei ekstra løyving til områdeplanar på 1,5 mill. kr ikkje vart nytta i 2022 då kostnader til ekstern konsulent til dette arbeidet ikkje kjem før frå 2023. I tillegg er det meirinntekter på gebyr på plan på 0,8 mill. kr, som skuldast høg aktivitet samt at gebyr frå alle dispensasjonssaker no vert ført her. Byggesak har reduserte gebyrinntekter med 0,73 mill. kr grunna noko mindre saker, men samstundes reduserte lønskostnader på grunn av vakanse i stilling som gjer at tenesta er rimeleg i balanse samla sett. Miljøvern og sikring har ei innsparing då tilsett i ny stilling tok til litt seinare enn føresett, samt at gebyr og inntekter er litt høgre enn budsjett.



4.4.5 Teknisk drift

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Teknisk drift	47 689 340	54 885 040	60 202 510	5 317 470	10 %
449	Reinhald SHOS (gamalt ansvarsnr.)	-2	6 598	-34 685	-41 283	-626 %
550	Administrasjon teknisk drift	1 508 843	1 173 643	717 785	-455 858	-39 %
552	Hjelpemiddel	303 501	311 001	7 501	-303 500	-98 %
560	Park, anlegg og gravplassar	1 880 855	1 900 655	1 028 402	-872 253	-46 %
565	Samferdslebedrifter og transporttiltak	-200 000	-200 000	-467 936	-267 936	134 %
570	Kommunale vegar og gatelys	12 500 446	13 463 746	20 583 090	7 119 344	53 %
572	Parkering	-2	116 798	791	-116 007	-99 %

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
580	Vassforsyning (sjølvkost)	-9 544 026	-9 408 726	-10 896 493	-1 487 767	16 %
582	Avlaup og rensing (sjølvkost)	-6 865 591	-6 816 091	-7 233 359	-417 268	6 %
584	Renovasjon (sjølvkost)	53 519	56 719	176 357	119 638	211 %
586	Slam (sjølvkost)	0	0	-24 920	-24 920	
600: 690	Byggforvaltning	48 051 797	54 280 697	56 345 977	2 065 280	4 %

For administrasjon teknisk drift er lønskostnadene noko mindre enn budsjett, grunna vakanse og at kostnader er ført direkte på andre tenester.

For veg og park (sett saman av 552, 560, 565, 570 og 572), er det eit reelt meirforbruk på 5,56 mill. kr. Variasjon mellom tenestene skuldast i stor grad at tilsette som er ført med løn på 570 Kommunale vegar og gatelys utfører tenestene på 552 Hjelpemiddel og 560 Parkanlegg. Overforbruket samla heng saman med fleire forhold. Utgangspunktet i 2022 budsjettet var lågt i høve reell drift. Det vart ikkje lagt inn prisvekst, medan prisindeks for vegdrift for 2022 på vegdrift var 12,3%. Dette gav utslag i alle typar eigne driftskostnader og regulering av eksterne brøyteavtalar. Vinteren 2022 var prega av mykje snø og vêr. Dette har gjort at kostnadar på driftsavtalar og arbeid på veg utover det normale er blitt utført for å halda vegar opne og med ynskt standard. Det vart også gjennomført asfaltering av nokre vegparsellar med ein kostnad på 1,04 mill. kr. som måtte bli ført på drift. Budsjettering av veg og park må bli gått gjennom for å få reell budsjettering, og særskild i lys av målsettingar i samfunnsplanen om godt vedlikehald av fortau og gang/sykkelveg.

For vatn og avlaup er lønskostnadene noko mindre enn budsjett, medan gebyrinntektene er noko høgare. Dette er balansert opp mot avsetning til fond og gjev i driftsrekneskapen eit overskot på høvesvis 1,5 og 0,4 mill. kr. Sjå note 14 i rekneskapen.

For byggforvaltning er det eit samla overforbruk på 2,1 mill. Dette skuldast i stor grad auka kostnader til straum som ligg 3,7 mill. kr. over budsjett. Inntekter frå utleigebustader er om lag som føresett, reinhald har ei innsparing på 1,4 mill. kr., medan det for annan drift er ei mindre innsparing på i overkant av 0,2 mill. kr.



4.5 Samfunn, kultur og innovasjon

4.5.1 Kort om sektoren

Samfunnsutvikling, innovasjon og digitalisering skal vere ein pådrivar for å realisere måla og satsingane i samfunnsplanen, og jobbe tett saman med næringsliv, dei frivillige organisasjonane og innbyggjarane i kommunen for å skape ei ønska utvikling. Sektoren samlar tenestene innan innovasjon, samfunnsutvikling, næringsutvikling, frivilligheit, kultur og NAV.

Tenestene har òg til felles ei vid kontaktflate med innbyggjarane, og jobbar mykje med mobilisering til utvikling og samskaping med frivillige.

Sektor for samfunnsutvikling, kultur og innovasjon har eit særskilt ansvar for å bidra til at måla og satsingane i samfunnsplanen vert realiserte, og å sjå både samanheng og heilskap i måten vi drifter kommunen på for å oppnå måla. Det skal skje gjennom aktiv samskaping med andre, både internt saman med andre sektorar og med eksterne.

	Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
Sum	57 029 600	55 573 600	51 872 939	-3 700 661	-7 %
Samfunn og næring	10 919 756	10 877 056	10 742 901	-134 155	-1 %
NAV	15 162 985	15 269 485	14 450 033	-819 452	-5 %
Kultur	30 946 859	29 427 059	26 680 005	-2 747 054	-9 %

Sektoren hadde i 2022 eit mindreforbruk på 3 mill. kroner, i hovudsak knytt til kultur. Årsaka til budsjettavvik på kultur er vakansar og lågare bemanning enn planlagt i 2022, noko som igjen har medført lågare aktivitet enn planlagt.

4.5.2 Overordna mål og sektorsatsingar

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2022	Status
Sette arbeidet med klima og miljø i system, og ta posisjonen som samfunnsplanen peikar på som ein gjennomgåande miljømedviten kommune.	I 2022 utarbeida kommunen sitt første klimarekneskap for 2021 og klimabudsjett for 2023. I klimabudsjettet vart også klimamåla i kommunen vedteken. Det er også blitt arbeida med strategisk plan for bustad, arbeid, klima og transport som etter planen skal vedtakast i 2023.	
Bidra til å realisere måla og satsingane i digitaliseringsstrategien.	Satsingsområde: Sogndal kommune skal skapast saman med innbyggjarane. Måla i dette satsingsområdet er knytt til innbyggjarinvolvering, kommunikasjon, digitalt kunnskapsløft og mangfald/tilgjengelegheit. - Me har testa ut bruk av Decidim som innspelsportal i arealplanarbeidet, og jobbar med å utforske korleis denne plattformen kan brukast i det vidare arbeidet med innbyggjarinvolvering. Decidim er eit utviklingsprosjekt i samarbeid med Smartby-nettverket. - Digital meldeteneste på nettsida for feil på gatelys. Generell meldeteneste starta opp. - For å kunne arbeide målretta med digital utanforskap og digitalt kunnskapsløft har me utforma eit prosjekt på vegne av regionrådet, og fått tildelt 1 mill. til dette arbeidet. Vidare skal det etablerast pilotordningar der innbyggjarar kan få hjelp med digitale tenester og motta opplæring. - Klart språk - Det har og blitt lagt ned mykje arbeid knytt til tilgjengelegheitserklæring av alle kommunale nettstader, i samsvar med nye krav frå UU-tilsynet. - Ny postlisteløysing med fulltekstversjon og ny møtekalendar. Satsingsområde: Sogndal kommune er ein trygg og effektiv digital kommune. Måla i dette satsingsområdet er knytt til personvern og handtering og deling av data, samt innføring, opplæring og brukarvenlegheit i kommunens digitale løysingar. - Me har ingen direkte tiltak/prosjekt på dette, men har arbeidd med å få på plass nytt personvernombod. Det blir også jobba med personvern og databehandlaravtalar knytt til feide/digitale læremiddel. - Motimate-prosjektet har det blitt jobba med kontinuerleg i 2022. Her får ein på plass stadig fleire digitale kurs retta mot dei tilsette, med opplæring i både digitale og fysiske arbeidsoppgåver.	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2022	Status
	Satsingsområde: Sogndal kommune samarbeider på tvers og deler erfaringar. Måla i dette satsingsområdet er knytt til det å ta i bruk og fremje nye arbeidsmåtar, samt å ha fokus på samskaping, testing og eksperimentering og tenestedesign som metode i innovasjonsarbeid. - Tiltak under dette satsingsområdet er PLP-kursing.	
Ta ei aktiv rolle i å utvikle utfarts- og friluftsområda saman med grunneigarar, brukarar og lokalsamfunna	I 2022 har kommunen tilsett to personar i eitt-årige prosjektstillingar som skal jobbe med etablering av interkommunalt friluftsråd og tilretteleggingstiltak. Kommunen har også kartlagt universelt utforma og lågterskel nærturar og møteplassar kring alle tettstadene. Dei første to fasane av plan for friluftslivets ferdselsårer er gjennomført.	
Ta ei aktiv rolle som vertskommune for private og offentlege verksemdar, og syte for at desse har gode rammetilhøve for å utvikle seg vidare	Sogndal kommune har etablert ein samarbeids- og møtearena under arbeidstittelen «Leiar- og digitaliseringsnettverk i Sogn», der dei ulike verksemdene møtast for å utveksle informasjon, dele utfordringar og erfaringar og sette strategisk retning saman. Nettverket skal utviklast vidare i samspel med dei involverte aktørane, og tene som ein møtestad for å utvikle Sogn og Sogndal vidare som eit tyngdepunkt for offentleg sektor og digitalisering i Vestland og Noreg.	
Regional utvikling - Søke samarbeid og utviklingsprosjekt saman med nabokommunane i Sogn, og andre regionale prosjekt som kjem Sogndal og regionen til gode.	Sogndal har teke på seg sekretariatsrolla for rådmannsgruppa i Sogn Regionrådet, og gjennom 2022 gjennomført fleire rundar saman med dei andre kommunane for å sette strategisk retning, fremje meir samarbeid i Sogn og bygge gode relasjonar mellom kommunane. Prosessen i rådmannsgruppa har leia fram til forslaget om å etablere Sogn KO (kommunalt oppgåvefellesskap), eit formalisert samarbeid på administrativ side som skal supplere og spele opp til politisk nivå på konkrete samarbeid, strategiske satsingar og felles tenesteutvikling i regionen.	
Digital kommunikasjon - Profesjonalisere og forbetre kommunikasjonsarbeidet i digitale kanalar. Syte for at innbyggjarane har gode mogelegheiter til å kommunisere raskt og effektivt med kommunen, og jobbe systematisk for å informere godt om kommunen sitt arbeid innanfor alle sektorar.	• Oppstart av arbeid med digital plattform. • Aktivitetskalendarprosjektet "Kva Skjer", her har ein samhandla på tvers av einingar og sektorar og også eksternt for å finne den beste løysinga for deling av aktivitetar og arrangement. Her kan ein og legge vekt på at dette er eit innovasjonsprosjekt i samarbeid med leverandør, der me som pilotkunde får vera med å utforme løysinga mot at me kontinuerleg testar og kjem med tilbagemeldingar.	

Omtale av satsinga	Aktivitet i 2022	Status
Ungdom og psykisk helse - Prioritere innsatsen mot ungdom som fell utom arbeidslivet gjennom tiltak «Jobblyst» og «Individuell jobbstøtte (IPS)». Fokus skal vere å få ungdom til å klare seg sjølv og komme i jobb.	- Etablert felles ungdomsteam for heile NAV region Sogn - Styrka samarbeidet med rus- og psykiritenesta/Indre Sogn psykiatrisenter gjennom samarbeidsavtale og vidareføring av jobbspesialist IPS og IPS Ung - Tilsett jobbspesialist Utvida oppfølging som jobbar primært med ungdom - Styrka samarbeidet med vidaregåande skule og rettleiingstenesta - Styrka samarbeidet mellom marknadsteamet og ungdomsteamet slik at fleire ungdommar vert formidla til arbeidsgjevarar med behov for å rekruttere/ønskje om å inkludere	
Koordinerte tenester til flyktingar - Utvikle samarbeid og kompetanse på tvers av sektorar og avdelingar for å gje gode og samordna tenester. Merksemd på å implementere ny integreringslov og etablere integreringsteam og få dette til å fungere godt. Målet er få flyktingane som kjem til Sogndal kommune å bli godt integrerte; klare seg sjølv med jobb, bustad og deltaking i fritidsaktivitetar og samfunnsliv.	Integreringslova er godt implementert, også opplegget for ukrainarar. Integreringsteam har hatt jamnlege møte i 2022. Flyktingtenesta har i tillegg jamnlege samarbeidsmøte med dei andre tenestene. Vi treng å jobbe vidare med ein tverrfagleg integreringsplan for kommunen. Opplever at flyktingane får gode moglegheiter til å bli integrert uavhengig av kvar i kommunen dei vert busett. Sogndal har i tillegg ansvar for regionalt flyktingnettverk med mål om erfaringsutveksling og likare praksis.	

4.5.3 Samfunnsutvikling

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Samfunn og næring	10 919 756	10 877 056	10 742 901	-134 155	-1 %
520	Samfunns og næringsutvikling	7 538 305	7 434 605	7 454 446	19 841	0 %
530	Jordbruk	2 074 601	2 090 801	1 844 804	-245 997	-12 %
532	Skogbruk	1 161 850	1 207 150	1 329 351	122 201	10 %
534	Viltforvaltning (viltfond)	0	-500	0	500	-
540	Naturforvaltning og friluftsliv	145 000	145 000	114 300	-30 700	-21 %

Samfunnsutvikling (og naturforvaltning og friluftsliv) har finansiert mykje av aktivitetane i 2022 gjennom å hente inn eksterne prosjektmidlar frå fylkeskommune og stat. Midlane har vorte brukt til å finansiere utvikling av prosjekt og kjøp av eksterne tenester. Avhengig av korleis prosjekta er sett saman, dekker dei delar av eller heile løna for kommunalt tilsette som jobbar inn i prosjekta. Det er ulike utbetalingspraksisar hjå ulike tilskotsgivarar, noko som kan påverke utgiftene det einiskilde år.

Døme på prosjekt som er jobba med i 2022 er mimreløype i Balestrand, strategisk plan for bustad, arbeid, klima og transport, designdrive utsleppsreduksjon av persontransport, kunnskapsgrunnlag for klimabudsjett og klimatiltak, nærturar og møteplassar kring barnehage, skule og tettstader, Gnist, EØS-prosjekt med byen Ostrowiec i Polen, Sirkulær industripark Kaupanger og samarbeid med Bergen arkitektthøgskule om bygging av sosial møteplass i Balestrand. I løpet av 2022 har eininga bidrege til å hente inn nesten 5 mill. kr i tilskot til kommunen.

Landbruksavdelinga med jordbruk, skogbruk, vilt- og naturforvaltning vart overført til plan og teknisk i løpet av 2022. Eininga har stor grad av forvaltningsoppgåver som har vore gjennomført som føresett. Skogbruk, der Sogndal er vertskommune for det interkommunale samarbeidet for alle kommunane i Sogn har hatt stor merksemd på hogst og slik næringsmessig verdiskaping med grunnlag i skogressursane. Områda har samla helde seg innfor budsjettramme, har ein mindre innsparing i bruk av tilskotsmidlar jordbruksområdet.



4.5.4 Kultur

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	Kultur	30 946 859	29 427 059	26 680 005	-2 747 054	-9 %
750	Kultur og idrett	5 947 142	5 963 242	5 258 743	-704 499	-12 %
751	Sogndal kulturhus	4 097 073	2 109 873	1 676 949	-432 924	-21 %
755	Sogn Kulturskule	5 963 398	6 114 398	4 875 418	-1 238 980	-20 %

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
760	Bibliotek	5 438 434	5 564 334	5 381 926	-182 408	-3 %
770	Sogndal frivilligsentral	371 519	334 719	329 425	-5 294	-2 %
771	Leikanger frivilligsentral	598 293	609 493	426 544	-182 949	-30 %
780	Kyrkjeleg fellesråd og andre trussamfunn	8 531 000	8 731 000	8 731 000	0	0 %

Vedrørende kulturhuset har det vore ein del uvisse knytt til normaldrift etter pandemien og korleis publikum kom til å nytte seg av tilbodet. Dette er noko som dei fleste kulturhuset i landet merkar seg. I starten av året merka ein at publikum ikkje kom, men det var ein stigande trend i siste halvår som gjer at det langsamt kryp attende til vanleg aktivitetsnivå. Resultatet for Kulturhuset var innanfor ramma av revidert budsjett.

Kulturområdet sitt samla mindreforbruk var på 2,7 mill. kroner og kan forklarast med vakansar og lågare bemanning. Dette har igjen ført til lågare aktivitet enn planlagt.

Tilskotsordningar i 2022:

- Faste tilskot arrangement
- Nærmiljømidlar
- Kulturmidlar
- Tilskot til 17.mai
- Tilskot til halleige

4.5.5 NAV

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
	NAV	15 162 985	15 269 485	14 450 033	-819 452	-5 %
700	NAV	15 162 985	15 328 485	14 450 033	-878 452	-6 %
730	Flyktningtenesta	0	-59 000	0	59 000	0 %

I 2022 auka utbetaling av økonomisk sosialhjelp til flyktningar. Busetting i 2022 var om lag 100 personar mot om lag 30 per år tidlegare. Utgifter til flyktningtenesta vart likevel lågare enn revidert budsjett. Nav hadde eit mindreforbruk på 0,9 mill. kr. Årsaka er samansett og knytt til både til refusjonsinntekter og lågare utgifter.

5 Pensjon og lønsavsetjing

Området hadde eit mindreforbruk på 2,5 mill. kr. i 2022. Dette skuldast mellom anna at utgifter til lønnsoppgjeret vart om lag 12,3 mill. kr lågare enn føresett, samt at auken i pensjonsutgifter anslått i revidert budsjett vart noko lågare enn budsjettert. I tillegg er det rekneskapsført eit lån til Husabø eigedom (knytt til kjøp av Saften) på 11,1 mill. kr på ansvar 980. Dette vart i utgangspunktet ført som investering, men på grunn av rekneskapstekniske forhold var det naudsynt å finansiere dette over drifta. Sidan utgifta ikkje høyrer til sektor er den ført på ansvar 980. Denne føringa påverkar

driftsresultatet negativt. Utlånet er forventa oppgjort i 2023 og vil då gje tilsvarende inntekt.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
980	Lønnsavsetjing	29 034 398	17 150 398	14 641 069	-2 509 329	-14,6 %

6 Kraft

Sogndal kommune har 30 GWh konsesjonskraft og 35 GWh heimfallskraft. Aukande kraftprisar gjennom året gjorde til at ein auka forventa inntekter i revidert budsjett. Samla vart netto inntekter likevel 2 mill. kroner høgare enn revidert budsjett.

For sal av konsesjonskrafta vart netto inntekter på 15,7 mill. kroner og 0,1 mill. kroner over budsjett. Inntektene frå Årøy kraftverk, som ligg i høgprisområdet NO5, utgjorde 11,5 mill. kroner. Dette trass i at krafta frå Årøy berre utgjør 9 prosent av samla kraftvolum som kommunen rår over. Frå 2023 vil Mel kraftverk med 16 GWh også vere ein del av prisområde NO5.

Netto inntekter frå heimfallskraft vart 3,7 mill. kroner, og 1,9 mill. kroner over budsjett. All heimfallskrafta vert seld i spottmarknaden og høge prisar siste del av året bidrog positivt. For desember var prisen 1,8 kroner/kWt og krafta denne månaden aleine hadde ein brutto verdi i spottmarknaden på 7,1 mill. kroner. Majoriteten av bruttoinntektene frå heimfallskrafta går derimot med til kjøpsutgifter, inntektsskatt og grunnrenteskatt.

		Opphav. Budsjett	Rev. Budsjett	Rekneskap	Avvik	Avvik i %
981	Kraft	-6 710 000	-17 430 000	-19 432 711	-2 002 711	11,5 %

7 Interkommunale samarbeid

7.1.1 Miljøretta helsevern

Rekneskapen syner ingen avvik i samsvar med budsjett. Miljøretta helsevern er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane i Indre Sogn. Arbeidet til miljøretta helsevern skal fremme innbyggjarane si helse og beskytte mot forhold som kan føre til helseskade. Kommunen er tildelt ansvar og oppgåver som forvaltningsmyndigheit innanfor folkehelse og miljøretta helsevern. Dette er den instansen som utøver kommunen sitt forvaltningsarbeid, i nært samarbeid med kommuneoverlegen i kvar kommune. Miljøretta helsevern består av to fast tilsette. I tillegg er fire kommuneoverlegar knytt til samarbeidet. Sogndal kommune sine utgifter til miljøretta helsevern var 0,5 mill. kr i 2022.

7.1.2 Frisklivssentralen

Frisklivssentralen jobbar med livsstilendring. Tidleg innsats, førebygging og helsefremming vil gi meir helse til innbyggjarane på lengre sikt. Vidare vil me gjennom å styrke dette feltet gjere det mogleg for innbyggjarane å bli rehabiliterte etter sjukdom og skade og å kunne bu lengre i eigen heim. Fysio- og friskliv har sett i gang ei felles satsing på fallførebyggjande grupper, «Sterk og stødig», med kursing av

instruktørar i 2022, og slike lågterskel-tilbod vil bli enda viktigare framover. Sogndal kommune sine utgifter til frisklivsarbeidet var 0,9 mill. kr i 2022.

7.1.3 Legevaktsentral

Sogndal kommune har i lag med andre kommunar i Sogn avtale om legevaktsformidling. Legevaktsentralen (LVS) er lokalisert til Lærdal sjukehus. Kommunen sin avtalepart er Lærdal kommune. Kostandane blir fordelt 40 prosent likt og 60 prosent etter folketal. Sogndal kommune sine utgifter til LVS i 2022 var 2,6 mill. kr. Dette er eit meirforbruk på 0,3 mill. kr sett opp mot budsjett.

7.1.4 Sogn regionråd

Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid mellom 8 kommunar i Sogn. Regionrådet har eit felles sekretariat med ei fast stilling lagt til Sogndal kommune. Kommunedirektørane har etablert ei fast samarbeid gjennom ei eiga arbeidsgruppe. For særskilte prosjekt som Sogn regionråd initierer er blir det med jamne mellomrom oppretta tidsavgrensa prosjektstillingar. Kommunen sine utgifter til Sogn regionråd i 2022 var på 1,6 mill. kr.

7.1.5 Skog i Sogn

Sogndal er vertskommune for samarbeidet for 9 kommunar i Sogn. Er tre stillingar med 2,6 årsverk som gjennomfører alle oppgåver etter skoglovgjeving og forvaltning som er lagt til kommunane. Har vore utfordring med utskifting i ei av fagstillingane. Jobbar med å få stabilitet og kontinuitet i denne. Samarbeidet har elles fungert som føresett i 2022. Kommunen sine utgifter til Skog i Sogn i 2022 var 1,3 mill. kr.

7.1.6 Sogn kulturskule

Sogndal sitt kjøp frå det interkommunale samarbeidet er mindre enn budsjettet pga. lågare aktivitet enn planlagt. Inntektene er høgare enn budsjettet. Kulturskulen har òg fått 250.000 i tilskot til utvikling av fordjupingsprogram og 216.000 til etterutdanning, og 200.000 til oppfølging av fordjupingsprogram som enda ikkje er brukt. Sogndal kommune sine utgifter til kulturskule i 2022 var 4,9 mill. kr. Dette er 1,2 mill. kr. lågare enn budsjettet.

7.1.7 Sogn barnevern og Sogn barnevernsvakt

Kommunane Luster, Sogndal, Leikanger og Balestrand oppretta avtale om felles barnevernsteneste i 2008 under nemninga Sogn barnevern. Samarbeidet er organisert etter vertskommunemodellen der Sogndal er vertskommune. Sogn barnevern (interkommunal del) har i dag om lag 15,8 årsverk (jf. Tilstandsrapport 2022). Sogn barnevern er vertsskap for Sogn barnevernsvakt, som har vaktordning utanfor kontortid for kommunane i Sogn barnevern samt kommunane Høyanger og Vik. Kommunestyra i Luster og Sogndal har i 2022 fått lagt fram tilstandsrapport for barnevernstenesta, der tenesta er presentert i større detalj.

7.1.8 Sogn PPT og logopedisamarbeid

Sogn PPT vart danna 1.1.16. I dag er det interkommunale samarbeidet eit samarbeid mellom Aurland, Luster, Sogndal og Vik med Sogndal kommune som vertskommune. Kontoret har om lag 11 årsverk som sakshandsamarar på PPT. Hovudoppgåva er å jobbe individ- og systemretta etter mandat i opplæringslova og barnehagelova.

Arbeidet er i stor grad blir individretta. Både barnehagar og skular melder frå om at dei har behov for innsats på systemnivå. Sogn PPT har også eit ynskje om å kunne arbeide meir systemretta som til dømes med rettleiing og tidleg innsats for på den måten å redusere trongen for spesialundervisning. Sogndal kommune sine utgifter til PPT i 2022 var om lag 4,2 mill. kr.

Logoped samarbeidet vart oppretta i 2017. Dette samarbeidet omfattar i dag same område som Sogn PPT. Kontoret har om lag 2 årsverk som utøvande logopedar. Logopedane jobbar direkte med personar i alle aldrar som har eit enkeltvedtak om behov for logoped etter barnehagelova og opplæringslova. Sogndal kommune sine utgifter til logopedi var om lag 1 mill. kr i 2022.

7.1.9 Jordmorvakt

Kommunane Luster og Sogndal organiserer følgjeteneste og jordmorvakt i samarbeid med, og med finansiering på om lag 1 mill. kr, frå Helse Førde HF. Sogndal kommune har det administrative ansvaret for ordninga. Tilbodet om følgjeteneste omfattar ikkje innbyggjarane som bur i tidlegare Balestrand kommune. Der vert det gjeve tilbod om imøtekøyring med jordmor i ambulanse frå Førde sentralsjukehus. Sogndal kommune har også samarbeidsavtale med Helse Førde og Vik kommune om å hjelpe til ved behov.

7.1.10 Sogn brann og redning IKS

Selskapet dekkjer kommunen sine oppgåver til brannvernberedskap, førebyggjande brannvern med feieteneste samt byggsakstilsyn. Representantskapsmøtet vedtok i april 2022 justert selskapsavtale for selskapet. Sogndal kommune har i 2022 kjøpt tenester for om lag 18 mill. kr frå Sogn brann og redning IKS.

7.1.11 Sogn interkommunale miljø- og avfallsselskap, SIMAS

SIMAS er eigd av kommunane i indre Sogn. Selskapet har som føremål å løyse eigarkommunane sine utfordringar innan avfallshandtering. Sogndal kommune sin eigardel i SIMAS IKS er 36,71%. Innsamling av privat avfall vert finansiert av innbyggjarane etter prinsipp om sjølvkost.

7.1.12 Alarmsentralen IKS

Alarmsentralen i Sogn og Fjordane er eigd av 24 kommunar. Alarmsentralen er eit respons og kompetansesenter for eigarkommune med hovudvekt på tryggleiksalarmar og velferdsteknologi. Alarmsentralen er mottak for alarmar som brann, heis og andre tekniske alarmar.

7.1.13 Kommunearkivordninga i Vestland KO

Kommunearkivordninga i Vestland er eit kommunalt oppgåvefellesskap. 18 kommunar deltek i samarbeidsordninga. Føremålet med samarbeidet er å leggje til rette for at arkiva til deltakarkommunane vert handtert, teke vare på og formidla i samsvar med arkivlova. I praksis yter samarbeidet depottenester for papir og elektroniske arkiv, samt ordning og digitaliseringstenester.

7.1.14 Interkommunal samhandlingskoordinator

17 kommunar i regionen Sogn og Fjordane samarbeider om stillinga som samhandlingskoordinator. Føremålet med stillinga er vedteke i KS sitt rådmannsutval:

«Stillinga skal vere kommunane i Sogn og Fjordane sitt felles talerøyr i høve til Helse Førde når det gjeld samhandlings, forhandlingar og avtaleinngåing på systemnivå.»

8 Investeringar

Sum investeringsutgifter vart 88,5 mill. kroner, noko som er 33,6 mill. kroner lågare enn budsjettert jf. løyvingsskjema 1 (investering) i rekneskapen. Dette skuldast i hovudsak at framdrifta på fleire prosjekt ligg bak det som vart lagt til grunn i budsjettet. Rammeløyving til kyrkja var budsjettert som eigne investeringar, men dette er tilskot til andre sine investeringar. Ein får difor høvesvis eit mindreforbruk på linje 1 knytt til dette og tilsvarande meirforbruk på linje 2.

Investeringar i aksjar er knytt til eigenkapitalinnskot til KLP på 2,5 mill. kr og 1,3 mill. kr. knytt til Saften. Utgiftene til kjøp av aksjar er 5,4 mill. kr lågare enn budsjettert. Dette skuldast at mesteparten av budsjettert aksjekjøp knytt til Saften måtte finansiert av driftsbudsjettet. Dette som følgje av rekneskapstekniske forhold, jf. kap 5.

Økonomisk oversikt - investeringar	Opphav. budsjett	Rev. budsjett	Rekneskap	Avvik
1 Investeringar i varige driftsmiddel	163 425 000	112 890 000	83 604 405	-29 285 595
2 Tilskot til andre sine investeringar	0	0	1 064 647	1 064 647
3 Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 880 000	9 160 000	3 787 672	-5 372 328
4 Utlån av eigne midlar	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter	166 305 000	122 050 000	88 456 725	-33 593 275
7 Kompensasjon for meirverdiavgift	23 458 000	12 231 000	8 064 368	-4 166 632
8 Tilskot frå andre	14 245 000	5 245 000	2 614 173	-2 630 827
9 Sal av varige driftsmidlar	0	0	462 320	462 320
10 Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	486 885	486 885
11 Utdeling fra selskap	0	0	0	0
12 Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar	1 014 000	1 014 000	989 188	-24 812
13 Bruk av lån	125 722 000	101 694 000	72 835 790	-28 858 210
14 Sum investeringsinntekter	164 439 000	120 184 000	85 452 724	-34 731 276
15 Vidareutlån	30 000 000	60 000 000	51 800 253	-8 199 747
16 Bruk av lån til vidareutlån	30 000 000	60 000 000	51 800 253	-8 199 747
17 Avdrag på lån til vidareutlån	2 392 000	9 001 000	9 162 781	161 781
18 Mottekne avdrag på vidareutlån	1 827 000	1 827 000	5 160 660	3 333 660
19 Netto utgifter vidareutlån	565 000	7 174 000	4 002 121	-3 171 879
20 Overføring frå drift	-2 880 000	-2 880 000	-3 780 000	-900 000
21 Netto avsetjingar til eller bruk av bundne investeringsfond	-565 000	-7 174 000	-4 002 121	3 171 879

Økonomisk oversikt - investeringar	Opphav. budsjett	Rev. budsjett	Rekneskap	Avvik
22 Netto avsetjingar til eller bruk av ubundet investeringsfond	1 014 000	1 014 000	776 000	-238 000
23 Dekking av tidligere års udekka beløp	0	0	0	0
24 Sum overføring frå drift og netto avsetjingar	-2 431 000	-9 040 000	-7 006 121	2 033 879
25 Framført til inndecking i seinere år (udekka beløp)	0	0	0	0

Som følgje av at utgiftene vart lågare enn budsjettert er også bruk av lån og kompensasjon for mva lågare enn budsjettert. Per 31.12.2022 har Sogndal kommune 40,5 mill. kr. i unytta lånemidlar. Tilskot frå andre vart 2,6 mill. kr lågare enn budsjettert og heng saman med at det i revidert budsjett vart budsjettert med ein refusjon på 3 mill. kroner som allereie var inntektsførd som ei fordring og at det var føresett tilskot på nokre prosjekt som ikkje er kome i gang. Samstundes kom det tilskot knytt til rassikring på 2,5 mill. kr. som ikkje var budsjettert, noko som trekk i motsett retning. Sistnemnte er nærare omtala under prosjekt 21600 i kap. 8.1.

Bruk av lån til vidareutlån ligg 8 mill. kr. under budsjett, ettersom ein ikkje hadde lånt ut alle midlane vidare per 31.12 medan mottekne avdrag vart høgare enn budsjettert grunna ekstraordinære avdragsinnbetalningar.

Under følger ein gjennomgang av kommunale investeringsprosjekt i 2022. Rapportering på økonomi er i forhold til vedteke budsjett og ikkje i forhold til totalkostnadsramme.

8.1 Prosjektliste

Tabellen nedanfor viser investeringsutgifter fordelt på prosjekt i 2022. Tabellen syner rekneskap 2022, opphavsleg og revidert budsjett 2022. Til høgre er budsjettavvik og framdrift kommentert.

Investeringsutgifter i varige driftsmidlar		Opphav. Budsjett	Rev budsjett	Rekneskap	Kommentar
IKT					
21102	Digitalisering barnehage og skule	0	1 500 000	1 494 269	Årleg oppgradering av pc-utstyr
21105	IKT infrastruktur	0	1 400 000	1 295 587	Utgifter til sikkerheit, wifi, lagring og kabling datarom
22102	Rammeløyving IKT	4 500 000	0	0	Rammeløyving fordelt til spesifikke IKT-prosjekt
Inventar og utstyr					
20150	Utstyr Fosshagen barnehage	220 000	220 000	0	Sjå omtale prosjekt 1501

Investeringsutgifter i varige driftsmidler		Opphav. Budsjet	Rev budsjett	Rekne-skap	Kommentar
22200	Rammeløyving div prekære inv.-behov	1 000 000	815 711	0	Unytta del av rammeløyving til mindre investeringar
22210	Reinhald utstyr	2 700 000	2 700 000	2 761 772	Midlane nytta til investering i ulike reinhaldsmaskinar. Prosjektet er ferdig.
22211	Møblar og inventar skule	0	184 289	184 289	Budsjett overført frå rammeløyving utstyr og inventar
22338	Belehalli	0	16 302	16 302	Budsjett overført frå rammeløyving bygg.
22340	Ladarar til elbilar	0	625 000	625 000	Budsjett overført frå rammeløyving veg
22349	Utstyr maskiner - Reinhald og vedlikehald nye oppgåver på SHOS og Kulturhuset	0	541 159	569 686	Budsjett overført frå rammeløyving bygg
Bygningar					
232	Brannstasjon Balestrand	0	3 595 000	3 173 299	Utgiftene vart 0,4 mill. kr. lågare enn budsjettert. Prosjektet er ferdig.
248	Sikringsbu - Gulleplenipa	1 080 000	0	58 634	Prosjektet vart utsett i 2022, og ligg i budsjett i 2023
1501	Fosshagen barnehage	0	0	36 219	Utgiftene høyrer til prosjekt 20150
1961	Ombygging Fossetunet	1 000 000	0	0	Revidert budsjett er null.
1965	Kyrkjestove Kaupanger gravlund	3 910 000	210 000	177 320	Prosjektet vart lyst ut i 2022, men tilbod låg meir enn 3 gong over budsjetttramme. Prosjektet er budsjettert opp att i 2023 og vert følgt opp vidare.
18370	Kulturlokale i Saften - Innvendig oppgradering	0	0	155 829	Sjå omtale prosjekt 21304.
18371	Oppgradering fasade i Saften - Fordelast	0	-850 000	-850 133	I tråd med budsjett og avslutta. Inntekt knytt til mva. kompensasjon

Investeringsutgifter i varige driftsmidler		Opphav. Budsjet	Rev budsjet	Rekneskap	Kommentar
19262	Bod ved barnebustad Stadheimsgarden	720 000	720 000	84 338	Prosjektet er gjennomført innanfor drift med eigne ressursar. Mindreforbruk 0,65 mill. kr. Prosjektet ferdig.
19341	Trastadalsdammen - utbetring	8 010 000	8 810 000	2 172 183	3,6 mill. kr av utgiftene er ført på prosjekt 20605. Samla kostnader på dei to prosjekta vart 5,75 mil. kr i 2022. Dette gir eit mindreforbruk på 3 mill. kroner, men slutfaktura står att og kjem i 2023.
19370	Kulturlokale Saften, kjøp av seksjon	0	0	12 113	Utgifter knytt til eigedomsforvaltning. Ferdig.
20301	Omsorgsbustader Stedjevegen	11 500 000	0	0	Budsjett vart redusert til null i revidert budsjett. Avventast til avklaring om evt. større byggeprosjekt på Stedje.
20305	Fosshagen barnehage	6 820 000	6 820 000	1 939 864	Prosjektet er i hovudsak ferdig med unntak av grunnerstatning. Skjønner er anka til overskjønner, og faktiske kostnader vert handtert i 2023.
20306	Investeringsmessige tiltak bygg Balestrand	0	0	41 628	Prosjektet er ferdig. Prosjektet var planlagt finansiert av rammeløyving bygg, men budsjettet vart ikkje overført.
20308	Tilbygg Belehalli	15 000 000	1 000 000	197 499	Prosjektet vart sett i gang i 2022 som føresett. Delar av avsett budsjett vart nytta og ein fekk eit mindreforbruk på 0,8 mill. kr. for 2022. Prosjektet fortsett i 2023.

Investeringsutgifter i varige driftsmidler		Opphav. Budsjet	Rev budsjett	Rekneskap	Kommentar
20309	Symjehall Leikanger	5 110 000	6 110 000	6 996 037	Gjeld tak og bygg på fløy C på Leikanger ungdomsskule. Prosjektet vart gjennomført med eit overforbruk på nær 0,8 mill. kroner. Dette skuldast at ein, etter oppstart, fann ut at prosjektet var meir omfattande ein føresett.
20310	Fleirbrukshall Sogndal	0	0	1 475	Inngår i prosjekt skuleutbygging Sogndal sentrum
21300	Brannstasjon Leikanger	1 350 000	821 000	945 346	Prosjektet er ferdigstilt i 2022. Det vart eit mindre overforbruk på 0,1 mill. kr i 2022.
21301	Kjørnes barnehage	0	0	14 560	Prosjektet vart avslutta i 2021, men sluttoppgjeret kom først i 2022.
21302	Ny barnehage Kaupanger-prosjektering	5 000 000	2 000 000	2 743 326	Gjeld tilrettelegging av ny barnehage på Kvernhusaugen gjennom leige av lokale frå Kaupanger IL. Prosjektet fekk eit meirforbruk i på 0,7 mill. kr. sett opp mot revidert budsjett.
21303	Skuleutbygging Sogndal sentrum	2 000 000	800 000	689 585	Utgiftene er knytt til moglegheitsstudie utført i 2022.
21304	Ombygging Sogndal kulturhus	2 470 000	2 470 000	2 624 170	0,15 mill. kr i meirforbruk i 2022. Ferdigsynfaring og noko mindre arbeid står att i 2023.
21311	Bosshus Helsetunet Balestrand	0	0	34 395	Ferdig i 2021, men det kom ein mindre tilleggskostnad i 2022.
22300	Bygg - Rammeløyving	8 000 000	3 975 015	0	Om lag 4 mill. kr. av budsjett rammeløyving er ikkje overført til konkrete prosjekt. Mindreforbruk grunna vakansar.

Investeringsutgifter i varige driftsmidler		Opphav. Budsjett	Rev budsjett	Rekneskap	Kommentar
22310	Barnehage Leikanger	500 000	500 000	0	Midlane vart sett av til moglegheitsstudie knytt til barnehage på Leikanger. Oppdraget utført som ein del av prosjekt 22315. Mindreforbruk på 0,5 mill. kr.
22311	Notsete barnehage	1 500 000	1 500 000	403 054	Renovering og tilpassing inne og ute. Ein del arbeid står igjen og det er difor eit mindreforbruk på 1,1 mill. kr. i 2022. Arbeidet er planlagt ferdig i 2023.
22312	Rones barnehage	1 500 000	1 500 000	77 001	Renovering og tilpassing inne og ute. Arbeidet kom i gang i slutten av året og det er difor eit mindreforbruk på 1,4 mill. kr. Arbeidet er planlagt ferdig i 2023.
22315	Leikanger 1-10	1 000 000	1 000 000	561 375	Moglegheitsstudie utført. Nokre kostnader vil påløpe i 2023.
22320	Kjøp og ombygging av lokale i Dalavegen 2	4 000 000	4 000 000	2 204 335	Kjøp er gjennomført, men ombygging utsett.
22325	Administrasjon og kulturlokale Saften	17 000 000	10 300 000	4 126 831	2,5 mill. kr. av utgiftene er knytt til kjøp av seksjon på Saften. Det er også utført noko arbeid knytt til nytt golv i Leikangerhallen og utarbeid konseptskisse knytt til nytt utvikling av Saften. Mindreforbruk ettersom ein ikkje har komt i gang med sjølve oppgraderinga av Saften.
22326	FIG-lager Hanahaug	0	889 000	887 464	Ferdig og gjennomført som føresett.
22334	Fjærestad 8 - Rehabilitering omsorgsleilegheit	0	480 246	480 246	Budsjett henta frå rammeløyving bygg. Ferdigstilt. Noko fakturering i 2023.

Investeringsutgifter i varige driftsmidler		Opphav. Budsjet	Rev budsjet	Rekneskap	Kommentar
22335	Britamarki 5 - Rehabilitering kommunal leilegheit	0	1 521 952	1 521 952	Budsjett henta frå rammeløyving bygg. Ferdigstilt.
22336	Berlehagen 14 - Rehabilitering kommunal leilegheit	0	336 175	336 175	Budsjett henta frå rammeløyving bygg. Ferdigstilt i 2023. Nokre fakturaer står att.
22341	Stedjevegen 11 A - Rehabilitering av kommunal leilighet	0	120 678	120 862	Budsjett henta frå rammeløyving bygg. Ferdigstilt. Noko fakturering i 2023.
22343	SHOS - Ny motor til heis	0	282 975	235 813	For 2022 eit mindreforbruk på 50 000 kroner, men prosjektet er pågåande og vert truleg dyrare enn venta.
22347	Stølen 97 - Rehabilitering av kommunal leilegheit	0	90 793	90 793	Budsjett henta frå rammeløyving bygg. Ferdigstilt
22348	Balestrand helsetun - Oppgradering raud fellesstove	0	9 705	9 705	Budsjett henta frå rammeløyving bygg. Fakturaer i 2023.
22330	Oppgradering Leighota 3	0	0	1 238	Byggjesaksgebyr i utgiftsført 2022. Prosjektet startar opp i 2023.
Veg og parkering					
1628	Fjordstien	0	0	11 700	Prosjektet er ferdig, men det har kome fram at nokre tiltak mot naboeigedom som har vore avtalt ikkje er gjennomført. Dette vil medføre nokre kostnader i 2023.
1842	Bru over Sogndalselva	0	-3 000 000	30 937	I revidert budsjett vart det ved ein feil lagt inn ei inntekt på 3 mill. kroner på dette prosjektet. Prosjektet var ferdigstilt i 2021, men det kom nokre mindre avsluttande fakturaer i 2022.

Investeringsutgifter i varige driftsmidler		Opphav. Budsjet	Rev budsjet	Rekne-skap	Kommentar
1947	Parkeringsplass Ølmheim kyrkje	120 000	120 000	0	Prosjektet er ferdig. Slutfaktura gjenstår.
20502	Parkeringshus Campus	0	0	604 026	Kostnad i samband med grunnkjøp frå Vestland fylkeskommune.
21400	Ny avkøyring Rv5-Ingafossen Sogndal	3 000 000	0	0	Vart utsett. Skal sjåast i samanheng framtidig lokalisering av skule
21403	Veganlegg Kaupanger industrifelt	390 000	390 000	417 254	Tilpassing ferdig.
21405	Kjøp av areal Åbergevegen gbnr 23/6	0	0	13 795	Kjøp gjennomført i 2021. Utgifter til oppmåling og tinglysing er utgiftsført i 2022.
21407	Prestadalen Trafikktryggleikstiltak	0	1 336 727	1 113 939	Mindreforbruk på 0,2 mill. kr. Ferdigstilt i 2022.
21950	Kulturhus-Ombygging kulturhuset-overtaking anlegg	0	0	1 001 518	Innanfor rammeløyving bygg, men budsjettmidlar er ikkje overført til prosjekt.
22331	Siktutbetring Valbrekka - Hellavegen	0	856 940	856 940	Ferdigstilt. Budsjett overført frå rammeløyving veg
22332	Utbetring Valebrekka	0	57 860	57 859	Budsjett overført frå rammeløyving veg. Gjennomføring i 2023.
22400	Veg - Rammeløyving	8 000 000	4 657 676	0	4,7 mill. kr av budsjettet for rammeløyving veg er ikkje overført til prosjekt.
22405	Balestrand sentrum - Fartshumpar	0	316 750	263 750	Ferdig. Innanfor rammeløyving veg, men budsjettmidlar er ikkje overført til prosjekt.
22406	Fjærestadfeltet til Kreklingen - Oppgradering gangsti	0	200 000	0	Prosjektet kom ikkje i gang i 2022
22408	Fjærland oppvekstsenter - Gatelyst	0	199 374	199 374	Rammeløyving veg. Ferdig

Investeringsutgifter i varige driftsmidler		Opphav. Budsjet	Rev budsjet	Rekne-skap	Kommentar
22503	FDV-program veg	0	0	237 944	Innanfor rammeløyving veg. Budsjettmidler er ikkje overført. Pågåande.
Vatn og avlaup					
1720	Brannvassleidning Kaupanger	2 480 000	2 480 000	1 135 325	Prosjektet har eit mindreforbruk på 1,3 mill. kroner i 2022, men er framleis pågåande og kostnader vil påløpe i 2023
20602	Ny slamskiljar Lunde	1 000 000	0	0	Ikkje påbegynt
20603	Sanering av VA-anlegg Villavegen	500 000	500 000	377 175	Mindre avsluttande arbeid og grunnoppgjer gjenstår. Prosjektet er ferdigstilt.
20604	Utsifting vassleidning VL160 ved Lærergata 23	0	0	47 655	Mindre kostnad på prosjekt som i all hovudsak vart gjennomført i 2021.
20605	Trastadalsdammen	0	0	3 579 758	Sjå omtale for prosjekt 19370
20606	Vassleidning VL 110 Lunde	600 000	0	0	Utsett i revidert budsjet.
21500	Avlaup-rammeløyving	7 000 000	529 498	0	Rammeløyving knytt til avlaup. 0,5 mill. kroner i unytta løyving i 2022.
21501	Vatn ramme-løyving	7 000 000	0	0	Rammeløyving knytt til vatn. Rammeløyvinga er fordelt på spesifikke prosjekt (VA Bryggegota og høgdebasseng Stedje)
21502	VA - Gravensteinsgata	2 820 000	6 143 069	4 237 304	Mindreforbruk på 1,9 mill. kr., men slutfaktura står att.
21504	VA-Kaupanger-vegen/ Amla	7 460 000	7 460 000	5 827 150	Mindreforbruk på 1,6 mill. kr, men det står att oppussing og stikk til byggjefelt.
21505	VA-høgdebasseng Hodlekve	2 350 000	6 950 000	6 482 957	Mindreforbruk på 0,5 mill. kr i 2022. Prosjektet er ikkje sett i drift enda.

Investeringsutgifter i varige driftsmidler		Opphav. Budsjet	Rev budsjett	Rekne-skap	Kommentar
21506	VA-Jordbruksleidning	8 500 000	100 000	115 906	Fleirårig prosjekt. Midlane som er nytta er om lag i tråd med vedteke budsjett. Prosjektbudsjettet vart redusert i revidert budsjett i påvente avklaring for vegen vidare for prosjektet.
21507	VA-Bryggjegota	0	10 034 160	10 272 961	Meirforbruk på 0,3 mill. kr, men det står att noko arbeid bak kaia samt utløp overvatn ved blokk C.
22501	HB Stedje Rehabilitering	0	150 000	165 453	Eksternt arbeid ferdig, står att noko arbeid på intern drift. Tilbakestilling terreng.
22502	VA Kongabergvegen	0	337 946	146 743	Om lag halvparten av budsjettmidlane vart nytta i 2022. Pågåande prosjekt.
Byggjefelt og sikringstiltak					
728	Reguleringsplan Hittun	0	0	227 731	Slutthandsaming av plan står att. Kan komme mindre kostnader til oppretting av plandokument etter vedtak av planen.
21600	Rassikring Stedjeåsen	0	0	3 109 691	Kommunen har motteke tilskot på 2,5 mill. kr frå NVE, samt mva-kompensasjon som er ført som generell inntekt og heller ikkje budsjetttert. Dette tatt i betraktning så er det om lag balanse mellom inntekter og utgifter, men denne tabellen som berre viser prosjektspesifikke utgifter syner eit meirforbruk. Ferdigstilt som føresett.

Investeringsutgifter i varige driftsmidler		Opphav. Budsjet	Rev budsjet	Rekne-skap	Kommentar
20550	Bustadtilrettelegging-Hittun Balestrand	625 000	0	0	Oppfølging av reguleringsplanarbeid med vidare bustadtilrettelegging. Vil bli følgt opp når reguleringsplanen er vedteken.
Andre investeringar					
721	Hittunsfjæra småbåthamn	2 380 000	2 380 000	13 063	Oppstart i 2023.
1964	Gjestebygge	210 000	1 500 000	1 313 866	Prosjektet har eit mindreforbruk på 0,2 mill. kr., men det står att toalettanlegg.
20324	Trivselstiltak Sogndal Sentrum	0	0	1 438 521	Ferdig. Prosjektet hadde eit budsjet på 0,9 mill. kr som ligg i generell finansiering og ikkje prosjektspesifikt. Sett opp mot dette vart det eit meirforbruk på 0,5 mill. kroner.
20700	Utviding av kyrkjegard Stedje kyrkje	0	500 000	227 551	Prosjektet vart ferdigstilt hausten 2022. Rekneskapen syner eit mindreforbruk på 0,3 mill. kr.
22333	Trivselstiltak Sogndal sentrum	0	0	66 464	Sjå omtale for prosjekt 20324.
21705	Kjøp av grunn Stedje	0	0	-2 244	Mindre eigedomsjustering
15360	Kleppa grunnkjøp	300 000	300 000	0	Avtalen har ikkje vore gjennomført ut i frå at konsesjonssak ikkje har vore handsama. Vert avklart og gjennomført i 2023
21917	Sal av areal Leitevegen	0	0	1 624	Mindre tomtejustering.
22901	Sal av areal Ylvisåker	0	0	13 811	Utgifter knytt til sal av eigedom for at utbyggjar skal kunne realisere Uraholsbukti naustområde i samsvar med reguleringsplan.

Investeringsutgifter i varige driftsmidler		Opphav. Budsjet	Rev budsjet	Rekne-skap	Kommentar
22903	Kjøp av festetomter Fjærland skule	0	0	330 532	Utkjøp av to festetomteparsellar slik at kommunen no eig arealet for Fjærland oppvekstsenter.
Tilskot til andre sine investeringar					
21305	Brannsikring Leikanger kyrkje	0	325 000	113 613	Prosjektet er gjennomført som føresett
21306	Toalett og bårerom Leikanger kyrkje	1 800 000	50 000	45 338	Prosjektet har vore utsett både med omsyn til eigedomsforhold og vurdering om bygget er eigna.
22800	Investeringsbehov kyrkjeleg fellesråd-Rammeløyving	1 000 000	1 000 000	1 010 000	Tilskot er utbetalt kyrkja som føresett.
98900	Justeringsavtale Fjordhus AS	0	0	66 381	
98901	Justeringsavtale Nedrehagen utvikling AS	0	0	47 170	
98902	Justeringsavtale Åsen & Øverlid	0	0	56 751	
98903	Justeringsavtale Sognefjorden utvikling	0	0	1	
98904	Justeringsavtale Gravdal bustadprosjekt	0	0	140 335	
Investering i aksjar og andelar i selskap					
21800	Eigenkapitalinnskott KLP	2 880 000	2 880 000	2 465 829	Mindreforbruk på 0,4 mill. kroner
22325	Administrasjon og kulturlokale Saften		6 280 000	1 321 843	Mindreforbruk på 5 mill. kr. ettersom store deler av aksjekjøpet måtte finansierast over driftsbudsjettet grunna rekneskapsmessige forhold, sjå kap. 5
Sum investeringsutgifter		166 305 000	122 050 000	88 456 725	

9 KOSTRA-tal

Utgifter fordelt tenestegruppe - samanlikna med andre kommunar

Førebelse KOSTRA-tall for 2022 vart publisert 15. mars. Utgifter til ulike tenesteområde basert på tal frå rekneskap 2022 er presentert i tabellen nedanfor. Fordeling av utgifter på ulike tenester følgjer ein eigen KOSTRA-rettelær. Samla sett syner tabellen at Sogndal kommune brukar vel 80 000 kr per innbyggjar til tenesteyting. På grunn av at kommunar i oversikta har svært ulike frie inntekter frå mellom anna konsesjonskraft, som påverkar netto utgifter til tenesteyting, så er dette talet lite eigna for samanlikning.

Netto utgifter per innbyggjar	Sogndal	Kostragruppe 08	Vestland	Vestvågøy	Stad	Voss herad	Luster
Grunnskole	17 386	18 391	17 182	17 725	16 097	18 918	20 478
Pleie og omsorg	29 971	26 062	24 529	21 055	22 421	21 935	23 891
Barnevern	1 714	2 931	2 829	2 228	1 719	3 701	2 259
Barnehage	9 790	10 534	10 005	9 651	9 942	9 947	10 635
Kommunehelse	4 951	5 061	4 356	4 894	3 397	4 441	4 690
Sosiale tjenester	3 158	3 708	3 975	3 983	3 909	4 896	5 094
Kultur og idrett	2 229	3 304	2 911	2 727	2 223	2 975	4 239
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1 183	1 108	1 151	746	1 149	1 120	1 370
Adm, styring og fellesutgifter	6 367	6 938	5 515	5 866	6 621	6 812	6 257
Andre områder	3 395	1 193	1 667	4 673	4 629	2 009	- 13 657
Brann og ulykkesvern	1 389	1 431	1 123	1 178	876	1 021	1 611
Kommunale boliger	365	85	255	-42	620	851	964
Samferdsel	1 698	2 394	1 268	1 998	2 341	2 821	4 454
Næringsforv. og konsesjonskraft	-842	-3 609	-1 860	675	-164	-3 476	- 22 088
Landbruk	103	130	113	96	84	58	138
Kirke	682	762	768	768	872	734	1 264
Totalt	80 144	79 229	74 120	73 548	72 107	76 756	65 257

Kjelde: Framsikt Analyse, Sogndal kommune

Samanlikna med gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 8, har Sogndal kommune høgare nettoutgifter per innbyggjar på tenesteområda pleie og omsorg, plan, kultur, natur og næring og kommunale bustader. På andre tenesteområde har Sogndal kommune netto lågare utgifter per innbyggjar enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 8.

Det er særleg pleie og omsorg, som skil seg ut. KOSTRA-rapporteringa syner at nettoutgifter til pleie og omsorgstenester i Sogndal kommune er 3900 kr høgare per innbyggjar enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppa. Samla sett utgjør dette ein meirkostnad på over 40 mill. kr.

Skilnader i nettoutgifter kan skuldast både høgare utgifter på grunn av dekningsgrad, effektivitet eller tenestestandard/kvalitet og det kan skuldast lågare inntekter. Meir inngåande analysar må gjerast for å forklare skilnader.